




GISKE KOMMUNE



KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL

2018 - 2030

KONSEKVENSGREIING

28.02.2018

Innhold

1. Innleiing	2
2. Føremål med konsekvensutgreiinga	2
3. Krav og utreiingsplikt	2
4. Omtale av metode og gjennomføring	3
4.1 Kunnskapsinnhenting	3
4.2 Vurdering og fastsetjing av konsekvensar	3
4.3 Mal (med forklaring til dei ulike temaa)	3
5. KU Godøya	7
5.1 Utsnitt plankart Godøya	8
5.2 Nye arealformål Godøya	9
6. KU Giske	67
6.1 Utsnitt plankart Giske.....	68
6.2 Nye arealformål Giske	69
7. Valderøya.....	92
7.1 Utsnitt plankart Valderøya	93
7.2 Nye arealformål Valderøya	94
8. Vigra	136
8.1 Utsnitt plankart Vigra.....	137
8.2 Nye arealformål Vigra.....	139
9 Sjøområda.....	211
10 KU Tettstadsutvikling	226
11 KU Detaljhandel (RPB Kjøpesenter)	227
12 KU Bustadfortetting (Strategi for fortetting)	229
13 Kjerneområde landbruk.....	231
13.1 Arealrekneskap omdisponering LNF	233
14. Samla konsekvensar	237
14.1 Oversikt arealbruk	239
15 Naturmangfaldlova.....	240

1. Innleiing

Konsekvensutgreiinga inngår som ein del av planomtalen for kommuneplanens arealdel 2016-2029. Utgreiinga er delt opp i ulike delar; innleiing, føremål med konsekvensutgreiinga, krav og utgreiingsplikt, omtale av metode og gjennomføring, og konsekvensvurderingar. Under konsekvensvurderingar blir det lista opp alle område og tema som blir konsekvensvurdert, og det blir gjort ei konsekvensvurdering av samla endringar, tettstadsutvikling, handelsføresegner, bustadfortetting, næringsutvikling, ny riksveg, utviding av Ålesund lufthamn Vigra og enkeltvis endringar i plankartet. Avslutningsvis vil dei samla konsekvensane omtalast. Vurderingane er utført på eit overordna nivå, og baserar seg på eksisterande kunnskap og registreringar. Ved vidare detaljplanlegging vil det berre unntaksvis bli sett krav i føresegn om vidare konsekvensutgreiing der dette er nødvendig. Det blir synt til dokumentet Planomtalen for utfyllande grunngjeving til framlegg til plan.

2. Føremål med konsekvensutgreiinga

Konsekvensutgreiinga er ein utdjupande del av planomtalen for kommuneplanen sin arealdel for Giske kommune 2016 – 2029. Dokumentet omtalar og dokumenterar kommunen sine vurderingar av verknad for miljø og samfunn for endringar i ny arealdel, samla og enkeltvis. Konsekvensutgreiinga inneheld meir utfyllande opplysingar om bakgrunn, mål og endring av dei ulike arealendringane. Det er berre dei endringane som er med i arealdelen sitt plankart som er med i konsekvensvurderinga, basert på innspel frå innbyggjarar, offentleg mynde og politiske og administrative vurderingar for arealbruken i kommunen. For innspel (merknadar) til arealdelen som ikkje har kome med i plankartet blir det synt til merknadsvurderinga, der det blir grunngjeve kvifor ikkje innspel er teke med vidare i planarbeidet.

3. Krav og utreiingsplikt

Lovkrav: Kommuneplanen kjem under krav om konsekvensutgreiing etter plan- og bygningslova § 4-2 andre ledd:

«For regionale planer og kommuneplaner med retningslinjer eller rammer for framtidig utbygging og for reguleringsplaner som kan få vesentlige virkningar for miljø og samfunn, skal planbeskrivelsen gi en særskilt vurdering og beskrivelse – konsekvensutredning – av planens virkningar for miljø og samfunn».

Forskriftskrav: Det stillast også krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutgreiingar for planar etter plan- og bygningslova § 2b:

*«Følgende planer skal alltid behandles etter forskriften
b)kommuneplanens arealdel».*

Det blir også fastsatt andre krav etter forskrifta. Relevante krav vert omtalt i seinare kapittel.

Rettleiar: Etter «Veileder T-1493 Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel» er det også oppgitt meir detaljert kva av arealdelen som kjem under krav om konsekvensutgreiing:

- *Nye områder avsatt til utbyggingsformål med arealformål nr 1, 2, 4, 5 og 6 (jf. Plan- og bygningsloven § 11-7) der underformål og bestemmelser åpner for utbygging. Det vil si at utbygging kan inngå i alle arealformål unntatt grønnstruktur (naturområder, turdrag, friområder og parker).*

- *Endret utbyggingsformål (for eksempel fra næring til bolig eller fritidsbebyggelse, fra råstoffutvinning til næring).*
- *Åpning for spredt bebyggelse i LNFR-områder*
- *Båndlegging etter plan- og bygningsloven § 11-8 tredje ledd d) kan være omfattet av utredningsplikt dersom hensikten er å sikre areal med tanke på senere utbygging.*
- *Endring i utfyllende bestemmelser kan også medføre utredningsplikt. Dette kan for eksempel gjelde der de utfyllende bestemmelsene for et område gir endret ramme (antall bygg) for spredt bolig-, nærings- eller fritidsbebyggelse, andre kriterier for lokalisering av ulik utbygging, rammer for utforming, utnyttning, funksjonskrav med mer av bygg, anlegg og arealbruk i eksisterende byggesone, uten formålet eller avgrensninger for sonen endres.*

Fastsett planprogram: I fastsett planprogram er det i eige kapittel om konsekvensutgreiing gjeve føringar for utarbeiding av konsekvensvurderinga.

Konsekvensutgreiing kommuneplan 2016 - 2029

I konsekvensutgreiinga er det gjort slik avgrensing av utgreiingsplikta:

Konsekvensutgreiinga:

- Omdisponering til utbygging, ikkje regulert
- Temavise konsekvensutgreiingar for spesielle tema (tettstadsutvikling, handelsføresegner, bustadfortetting, riksveg)

Ikkje vurdert utgreiingspliktig:

- Oppdatering til nyare regulering
- Omsynssoner for landbruk, friluftsliv, bandlegging etter kulturminnelova (sektorlov), støysoner, skred
- Nye gang-/ og sykkelveggar/fortau – nyttar eksisterande vegnett

4. Omtale av metode og gjennomføring

Gjennomføringa av konsekvensutgreiinga er gjort på bakgrunn av «T-1493 Konsekvensutredning av kommuneplanens arealdel», med forskjellige endringar tilpassa forholda. Vidare presenterast metoden og korleis konsekvensutgreiinga er gjennomført. Sidan Giske kommune består av øyane Giske, Godøya, Valderøya og Vigra vert kvar av øyane vurdert kronologisk, kvar for seg.

4.1 Kunnskapsinnhenting

Forskrift om konsekvensutgreiing § 7 andre ledd seie:

«Konsekvensutredningen skal tilpasses plannivået og være relevant for de beslutninger som skal tas. Konsekvensutredningen skal ta utgangspunkt i foreliggende kunnskap og nødvendig oppdatering av denne. Der hvor slik kunnskap ikkje foreligger om viktige forhold skal det i nødvendig grad innhentes ny kunnskap. Konsekvensutredningen, herunder feltundersøkelser, skal gjennomføres i henhold til anerkjent metodikk og utføres av personer med relevant faglig kompetanse.» I utgreiinga er det under kvart tema (sjå malen under kapittel X.X) omtalt kor kunnskapsgrunnlaget er henta frå, noko som sikrar etterprøving av utgreiinga. Om det har vore behov for å hente inn ny kunnskap, vil dette vere nemnd under det aktuelle temaet.

4.2 Vurdering og fastsetjing av konsekvensar

For å vurdere utbyggingsområda er det i malen omtalt korleis og kva som vert vurdert for kvart utgreiingstema. For alle utgreiingar (kvart tema) vert eksisterande situasjon også omtalt, som saman med gjeldande kommuneplan dannar samanlikningsgrunnlaget for vurderinga. Det er også satt opp ei forenkla framstilling som gir ein peikepinn på kva grad av konsekvens ein skal fastsette, på bakgrunn av vurderinga. Framstillinga kategoriserer konsekvensane i tre ulike gradar: Positiv, nøytral og negativ. Det er ikkje kategorisert ytterlegare, men omtalen av kvart tema skal likevel gje ei intuitiv forståing om det eksempelvis er veldig positivt, eller berre noko positivt. Det er også viktig å påpeike at vurderingane er gjort i forhold til null-alternativet, altså gjeldande kommuneplan.

4.3 Mal (med forklaring til dei ulike temaa)

Område og planidentitet		Stadnamn og ID-kode frå plankart	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan	
Eksisterande situasjon/ortofoto for vurdert område	Gjeldande kommuneplan 2009-2021 for vurdert område	Gjeldande reguleringsplan med for vurdert område.	
Framlegg kommuneplan			
Arealbruksendring frå framlegg arealdel som blir konsekvensutgreia.			
Saksarkiv Websak	A-ref. frå merknadar til kommuneplanen (merknadsvurderinga)	Dagens føremål	Frå gjeldande kommuneplan.
Gnr./bnr.	Gards-/bruksnummer	Reguleringsplan	Frå gjeldande reguleringsplan.
Arealstørrelse	Storleik i dekar (daa)	Framlegg føremål	Frå framlegg til ny kommuneplan.
Forventa gjennomføring			
Kommunen si vurdering	Kommunen si vurdering – henta frå merknadsvurderinga til kommuneplanen (frå A-ref.).		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Vurdering av korleis utbygging tilpassast eksisterande omgivnadar og påverkar landskapsbiletet. Eksempel på landskapselement som vurderast: Verdifulle kulturlandskap, naturtypar, inngrepsfrie områder etc. <i>Forenkla framstilling: God tilpassing til eksisterande omgivnadar: Positiv</i>			

	<p><i>Lite synleg i landskap: Nøytral</i> <i>Synleg/ikkje tilpassa til eksisterande omgivningar: Negativ</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: «Landskapsanalyse for Alnes, Giske kyrkje og Blimsanden området», GisLink og synfaring.</p>			
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	<p>Eventuelle krav før eit utbyggingsområde kan byggjast ut, det vere sosial- eller teknisk infrastruktur.</p> <p>Klargjering om det er offentleg eller private som er ansvarleg for gjennomføring av tiltak.</p> <p>Vurdering om gjennomføring av planendring vil innebere stor/liten samfunnskostnad på grunn av offentlege og private tiltak som er nødvendige for gjennomføring. Konsekvens blir skjønsmesseg vurdert om det vil vere behov for utbygging av teknisk- eller/og sosial infrastruktur.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> <i>Ikkje behov for eller få tiltak for gjennomføring: Positiv</i> <i>Middels behov for tiltak: Nøytral</i> <i>Omfattande tiltak før gjennomføring: Negativ</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Lokal kunnskap.</p>			
Sjø, vatn og vassdrag	<p>Plan- og bygningslova har etter endringa i 2008 satt strengare forbod mot tiltak i 100-metersbeltet. Temaet skal vurderast i forhold til dette, samt arealbruksprinsipp frå samfunnsdelen 2014-2026.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> <i>Utbygging som auka og legg til rette for meir bruk av småbåthamner, naust og liknande: Positiv</i> <i>Utbygging som ikkje påverkar 100-metersbeltet i nemneverdig grad/utbygging i 100-metersbeltet, men legg også til rette for meir bruk: Nøytral</i> <i>Utbygging innanfor 100-metersbelet som senkar/hindrar bruk av småbåthamner, naust og liknande: Negativ</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Temakart utarbeidd i GIS-program.</p>			
Naturmangfald	<p>Vurdering om endringar vil påverke naturmangfaldet (økosystem, artar, naturtypar mm.). Verknadane kan eksempelvis omhandle grønkorridorar, korridorar for dyreartar, sikring/senking av naturtypar og liknande.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> <i>Positiv verknad/sikrar naturmangfaldet: Positiv</i> <i>Skadar ikkje naturmangfald: Nøytral</i> <i>Skadar/kan skade naturmangfald: Negativ</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: GisLink, Naturbase – MD og Artsdatabanken (raudlista).</p>			

Kulturminner	<p>Frå kulturminnelovas føremål heitar det: «<i>Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning</i>».</p> <p>Det er forbode å sette i gang tiltak som kan skade, øydelegge, grave, skjule osv. automatisk freda kulturminne, som har ei sikringssone på 5m. Ved SEFRAK-registeret finn man også bygningar og andre kulturminner som er verneverdige. Det er derimot ikkje tillagt spesielle restriksjonar for desse. Vurderinga skal omtale verknadar utbygginga har for kulturminner/-miljø.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> <i>Styrkar/sikrar betydninga av kulturminner/-miljø: Positiv</i> <i>Påverkar ikkje kulturminner/-miljø: Nøytral</i> <i>Førar med seg små eller store konsekvensar for kulturminner/-miljø: Negativ</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: GisLink, Askeladden (Riksantikvaren), Regionaldelplan for kulturminne og kulturmiljø og Museums- og kulturminneplan for Giske kommune.</p>			
Forureining	<p>Vurdering om det er eksisterande forureiningskjelder i eller i nærleik av området, samt om framlagt arealføremål vil kunne føre med seg ytterlegare forureining eller forbetring.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> <i>Senkar dagens forureiningsnivå og betrar situasjonen: Positiv</i> <i>Ingen forureining/begrensa forureining som kan handterast med enkle tiltak: Nøytral</i> <i>Økt forureining som må handterast med middels/store tiltak: Negativ</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: GisLink (MDIR).</p>			
Bukvalitet	<p>Vurdering av kva grad av påverknad utbygginga vil føre med seg for bukvalitet.</p> <p>Bukvalitet: Husbanken delar bukvalitet i tre kategoriar: Teknisk-, estetisk- og brukskvalitet.</p> <p>Dei tre kategoriane vurderast for utbyggingsområdet, og korleis utbygginga påverkar tilstøytande områder.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> <i>Positiv påverknad (aukar bukvaliteten): Positiv</i> <i>Ingen nemneverdig påverknad: Nøytral</i> <i>Negativ (eller potensiell negativ) påverknad/konfliktanningar som kan føre med seg senka bukvalitet: Negativ</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Husbanken – Bukvalitet.</p>			
Friluftsting og tilgjenge til	<p>Vurdering av verknad for friluftsting og eksisterande grønstuktur/friområde.</p>			

grønstruktur eller friområde	<p><i>Forenkla framstilling:</i> Økt/betra tilrettelegging: Positiv Ingen verknad: Nøytral Negativ verknad (eksempel; endring, omdisponering eller tap av LNF/ grønstruktur): Negativ</p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Rapport «Kartlegging og verdsetting av friluftslivområde i Giske kommune 2016» og GisLink.</p>			
ROS	<p>Vurdering om utbygginga vil føre med seg konsekvensar for samfunnssikkerheit og sårbarhet. Det føreligg ikkje ei ROS-analyse for Giske kommune. For kvart utbyggingsområde vert det derfor utført ei lokal og forenkla ROS-analyse, som hovudsakeleg fokuserer på følgjande tema: Havstigningsnivå og stormflo, skredfare, kvikkleire, flaum og radonstråling (i særskilde utbyggingsområde kan fleire tema vurderast). Vurderinga omtalar berre aktuelle tema for kvart utbyggingsområde.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> Ingen framstilling for dette temaet.</p> <p>Kunnskapsgrunnlag: GisLink (DOK), Havnivåstigning (DSB), NGU, Beredskapsplan 2016 - 2017 og ROS-analyse til kommuneplanen sin arealplan.</p>			
Folkehelse	<p>Generell vurdering av om planendringar vil medføre spesielle utfordringar eller moglegheiter for folkehelse.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> Positiv verknad: Positiv Høve som kan gje utfordringar, men kan handterast gjennom godt gjennom vidare planlegging: Nøytral Negativ verknad som vil vere krevjande å handtere gjennom vidare planlegging: Negativ</p> <p>Kunnskapsgrunnlag: God oversikt – en forutsetning for god folkehelse, Helsedirektoratet.</p>			
Born og unges interesser	<p>Vurdering om utbygginga vil påverke born og unges interesser. Vurderinga baserar seg på kor vidt arealføremålet vil legge til rette for god oppvekst for born og unge (frå samfunnsdelen) og barnetrakk, eller motstridande, negative verknadar. Kva som definerer gode oppvekstkår kan sjåast i Miljøverndepartementets temaveileder barn og unge i planleggingen etter pbl.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> Aukar eller sikrar born og unges interesser: Positiv Ingen verknad (ikkje tap/omdisponering av areal som førar med seg konfliktar med born og unges interesser) : Nøytral Negativ verknad, eksempelvis midlertidig tap av viktige areal – noko negativ (permanent tap av viktige areal, utan kompletterande tiltak; sterk negativ): Negativ</p>			

	Kunnskapsgrunnlag: Barnetråkk i Giske kommune, kommuneplanens samfunnsdel og leikeplassnorma.			
Teknisk infrastruktur	<p>Vurdering om utbygginga vil føre med seg negative verknadar for veg, vatn og avløp – basert på eksisterande situasjon (lagt opp til enkel tilknytning, tilgjenge og liknande).</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> Allereie etablerte/delvis etablerte anlegg for veg og VA, med gode tilknytingsmoglegheiter som ikkje krev store tiltak: Positiv Må gjennomføre mindre tiltak på eksisterande anlegg før etablering: Nøytral Må gjennomføre kostbare tiltak for å oppnå moglegheiter for å etablere tilknytning: Negativ</p> <p>(Kapasitet vert ikkje berekna).</p> <p>Kunnskapsgrunnlag: VA-AVD. HAR MERKNADAR.</p>			
Jordvern	<p>Vurdering av konsekvensar framlegg til nye utbyggingsområde vil få for landbruket.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> Ikkje omdisponering: Positiv Omdisponering av mindre areal/randsoner : Nøytral Omdisponering av større areal, areal innanfor kjerneområde landbruk: Negativ</p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Kjerneområde landbruk.</p>			
Sosial infrastruktur	<p>Vurderinga om sosialinfrastruktur tar for seg korleis utbygginga påverkar skule, barnehage og sjukeheim (både kapasitet og avstand).</p> <p><i>Ingen forenkla framstilling. Konsekvens vil fastsettast etter ei samanstilling av momenta nemnd ovanfor.</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Intern kompetanse</p>			
Transportbehov og klimagassutslepp	<p>Overordna vurdering om utbygginga vil føre med seg økt transportbehov og klimagassutslepp, samt tilgjengelegheit til kollektivsystem, gang- og sykkelveg. Tilgjengelegheita vurderast mot ulike funksjoner som skule, barnehage, idrettsanlegg, kollektivhaldeplass og butikk. Beliggenheit er også en faktor, som er avgjerande for tilgjengelegheita.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> Lavt transportbehov, god tilgjengelegheit og beliggenheit, relativt lavt utslepp og mindre konsekvensar for transportsystemet og lite bilbasert: Positiv Middels transportbehov, tilgjengelegheit og beliggenheit, middels utslepp og konsekvensar for transportsystemet og middels bilbasert: Nøytral Høgt transportbehov, dårleg tilgjengelegheit og beliggenheit, høgt utslepp og store konsekvensar for transportsystemet og hovudsakeleg bilbasert: Negativ</p> <p>(For fastsetting av konsekvens treng ikkje utbygginga å fylle alle kriteria. Ei utbygging kan eksempelvis ha god beliggenheit med</p>			


	<p>tanke på nokre funksjonar, men middels tilgjenge for kollektiv samt middels bilbasert. Då kan vurderinga seie positivt, sjølv om det i realiteten berre er <u>noko positivt</u>).</p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Fram Møre og Romsdal, Rutebok.</p>			
Konsekvensar for næringslivet	<p>Vurdering om planendringane vil føre med seg konsekvensar for næringslivet, eksempelvis reduksjon av tilgjengeleg næringsareal i kommunen.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> <i>Disponerer meir næringsareal/sikrar noverande næringsareal: Positiv</i> <i>Ingen nemneverdig verknad: Nøytral</i> <i>Negativ verknad (eks. tap av sjønært areal): Negativ</i></p> <p>Kunnskapsgrunnlag: Vurdering etter skjønn, sett i forhold til kommuneplanens førre arealdel og reguleringsplanar.</p>			
Universell utforming/tilgjenge etter TEK 17	<p>Vurdering om planendringane vil føre med seg konsekvensar for næringslivet, eksempelvis reduksjon av tilgjengeleg næringsareal i kommunen.</p> <p><i>Forenkla framstilling:</i> <i>Ikkje nødvendig med spesielle tiltak i terreng/bygg for å stette UU/tilgjenge: Positiv</i> <i>Moderate tiltak i terreng/bygg for å stette UU/tilgjenge: Nøytral</i> <i>Store tiltak i terreng/bygg for å stette UU/tilgjenge: Negativ</i></p>			

	Kunnskapsgrunnlag: Intern kompetanse			
--	--------------------------------------	--	--	--

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar			
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Kortfatta oppsummering av dei konsekvensane som er vurdert mest kritisk/viktigast.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Påpeikar oppfølgingsbehov ved regulering, basert på dei mest kritiske/viktigaste konsekvensane.			
Konklusjon	Om føremålsendringa tas vidare eller ikkje/anbefalast eller ikkje.			

5 KU Godøya



5.1 Utsnitt plankart Godøya




5.2 Nye arealformål Godøya



5.3.1 Støbakk Bgo_1, BABgo_1a

Område og planidentitet	Støbakk Bgo_1, BABgo_1a	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



Saksarkiv Websak	A-ref. 89, 74 og 137_5	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	124/3, 4, 9, 10, 11, 12, 13, 18, 19, 53, 74, 99, 152, 237, 447	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	Bgo_1; 3,4 daa, BABgo_1a 6,6	Framlegg føremål	Bustad og naust
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 89: Omsøkt område ligg inntil bustadføremål i gjeldande plan, dette vil vere ei utviding av dette området. Området ligg utanfor kjerneområde landbruk. Området ligg delvis innanfor 100 m-beltet i strandsona. Området ligg inntil fv. 125, men det bør ikkje opnast for ny avkjøring til denne.</p> <p>Føringar for utbygging: Samtidig regulering av dei areala som får vegtilkomst frå eksisterande veg, trafikale vurderingar. Må sjå utover eigedomsgrenser ved detaljregulering.</p> <p>A-ref. 74: Naust område i Støbakkvika blir lagt inn. Det er delte frå naust parsellar i dette området. Området ligg på begge sider av naustføremål i gjeldande arealplan. Området har tilkomst frå fv125 via privat veg, kombinert tilkomst veg bustad? Området kjem ikkje i konflikt med kjerneområde landbruk. Området ligg innanfor 100 m – beltet i strandsona. Vestleg del av omsøkt område bør vurderast beskåre. Det blir ikkje lagt opp til utbygging av molo i dette området. Det ligg automatisk freda kulturminne inntil området.</p> <p>Føringar for utbygging: Ved detaljregulering bør ein sjå både naust og bustadområdet i samanheng. Ved detaljregulering må det gjerast trafikale-, miljø-, biologiske- og bygningstekniske (storleik naust, massebalanse osv.) vurderingar. Sikre fri ferdsel i strandsona.</p> <p>A-ref. 137_5: Framlegg om å leggje inn i ny plan, område 5. Syner til A-ref. 74.</p> <p>Vurderingar etter 1. gongs offentleg ettersyn A-ref. 161: Ligg inntil naustområde, området er ligg til hovudbruket som naustområde frå gammalt av. Det er lagt opp til å redusere innverknad på automatisk freda kulturminne i bakkant. A-ref. - 162: Syner til A-ref. 161</p>		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet er prega av innmarksbeite og fragmenterte områder av skog med høg bonitet. Elles ingen førekomstar verdifulle kulturlandskap eller naturtypar. Utbygginga vil kunne danne eit klart skilje mellom utbyggingsområdet og den dyrkbare jorda i nord.		X	



	Graden av påverknad vil avhenge av bustadane/naust si tilpassing til eksisterande busetnad i området. Terrenget er relativt jamt, men noko brattare i vest mot fylkesvegen. Nausta som alt er etablert i dag medfører fragmentering av landskapet. Utbygginga vil kunne samle området, og definere det meir eintydig.			
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Det vil vere nødvendig med nytt kryss mot fylkesvegen. Tilkomst bør sjåast i samanheng med naustområdet BABgo_1. Det må opparbeidast nytt/betre kryss, tilkomst fylkesvegen.			X
Sjø, vatn og vassdrag	Om lag 2/3 av utbyggingsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet. Bustadar vil ikkje legge opp til auka bruk av småbåthamner, naust eller liknande.			X
Naturmangfald	Ingen raudlista artar, vern, naturtypar eller liknande. Naturmangfaldet vil ikkje bli påverka negativt i nemneverdig grad.		X	
Kulturminner	Ikkje registrert kulturminner eller –miljø i utbyggingsområdet for bustad. Det ligg eit gravfelt inntil utbyggingsområdet for naust som er automatisk freda. Dette må tas omsyn til i vidare planlegging. Elles i sjølve området finn ein tre naust/båthus/sjøhus. Disse er ikkje automatisk freda, men dei bør også tas omsyn til i vidare planlegging. Ønske om nytt naustområde sør for eksisterande naustområde er ikkje lagt inn.		X	
Forureining	Noko av støy frå fylkesvegen. Skogbeltet langs vegen har ei støyreduserande effekt. Elles er området registrert som «avløpsanlegg tettbebyggelse». Utbygginga vil ikkje medføre auka forureining. Det føreligg eit godkjent utslepp sør-aust for området, som nytt VA-leidningsnett skal koplant på, utan store tiltak.		X	
Bukvalitet	Gode omgjevningar med variasjon av sjø og vegetasjon. Det er ikkje møte- eller opphaldsplassar i direkte nærleik til området. Området ligg skjerma tilstøytande busetnad og veg (skogbeltet), noko som veg opp for potensiell utryggleik mot trafikk.	X		
Friluftstiltak og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Det er ikkje registrert friluftstiltak i utbyggingsområdet for bustadområdet. Utbygginga legg opp til at «endestykket» av eit LNF-område blir omdisponert til bustadar (noko negativ). Like aust, langs 100-metersbeltet, er det registrert eit viktig friluftsområde. Nytt naustområde er eit viktig friluftsområde (leike- og rekreasjon). Dette må vidareførast.			X
ROS	Det er ikkje registrert fare for flaum, skred eller kvikkleire i område sett av til bustad. Området er merka med «moderat til lav radon». Ut frå risiko og sårbarheit vurderast det at området er akseptabelt til utbygging av bustadar.		X	

	Det er estimert en havnivåstigning på 22 cm fram mot 2050, relativt til år 2000, og utbyggingsområdet for naust er registrert som eit varsamheitsområde med tanke på flaum. Området er også kategorisert med moderat til lav varsamheit med tanke på radonstråling. Det blir sett krav i føresegnene om høgde på golv eller krav om å tåle å bli overflødd dersom det blir bygd lågare.			
Folkehelse	Utbyggingsområdet har god tilgjenge til friluftsområde i aust, noko som er positivt med tanke på oppvekst- og levekår. Positivt med tilrettelegging for lettare tilgang til sjøen. Negativt med nedbygging av strandsone. Det må settast krav i føresegn ved detaljregulering om fri ferdsel i strandsona.	X		
Born og unges interesser	Friluftsområdet aust for bustadområdet blir brukt av barnehagen og fjørevandring. Det er også registrert barnetrakk langs fylkesvegen vest for utbyggingsområdet. Det er elles ingen nemneverdige verknadar. Nytt naustområdet blir brukt av barnehagen, også til fjørevandring. Vidare bruk må sikrast i samband med detaljregulering. Ingen nemneverdige verknadar.		X	
Teknisk infrastruktur	Det ligg ein tilkomstveg som ligg inntil utbyggingsområdet heilt i sør, og vatn- og avløpsleidningar langs fylkesvegen i vest. Utbetring av krysset, i samanheng med naust-området, vil vere kostbart, men meir effektiv om det utbetrast i samanheng med begge områda. VA-tilknytning vil ikkje krevje store tiltak.		X	
Jordvern	Ikkje aktiv landbruk i utbyggingsområdet. Noko innmarksbeite vil omdisponerast. Det vurderast ikkje som nemneverdig negativt, då området er ein liten endedel av eit større område (i nord) med fulldyrka jord – betre arrondering. Kan vere utfordrande å leggje bustadar inntil landbruksareal i drift.		X	
Sosial infrastruktur	Låge avstandar til skule, barnehage og sjukeheim. Utbygginga vil ikkje ha vesentleg verknad.		X	
Transportbehov og klimagassutslepp	God tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og sjukeheim. Kollektivtrase langs fylkesvegen, og nærbutikk like sør for området. Det antakast at det vil bli relativt lite bilbasert. Eksisterande vegtilkomst til naust.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Frå flyfoto teke i 2016 er ikkje nokon av områda nytta til landbruk. Ikkje nokon av områda ser ut til å vere dyrka. Små negative konsekvensar for landbruket.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	For størstedelen av området Bgo_1 er det enkelt å stette UU/tilgjenge etter TEK17, ikkje behov for spesielle bygningsmessige tiltak. Tilkomst til området frå fylkesvegen vil vere utfordrande å få slak nok. For austre del av området vil tilkomst til området ha mykje	X		


	å seie for løysing. Må avklarast i samband med regulering.			
--	--	--	--	--

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	4	10	3
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Området vil få positive verknadar for bukvalitet og folkehelse. Det har god beliggenheit, sentralt og det ligg godt til rette for ferdsel utan bil. Dei negative konsekvensane knyt seg i all hovudsak til etablering av eit nytt kryss (kostbart) og omdisponering av LNF-område, som delvis ligg i 100-metersbeltet.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga peikar på at følgjande forhold må særleg vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Landskaps- og bustadtilpassing - Omsyn naturmangfald - Tilkomst til området (i samband med utbygging av naust) - Støyskjerming mot fylkesvegen - Landskapstilpassing - Sikring av friluftsområde langs 100-metersbeltet - Sikring av kulturminnet - ROS: flaumfare (stormflo og havnivåstigning) - Høgde gulv og materialbruk - føresegner 			
Konklusjon	Utviding av eksisterande bustad- og naustområdet			

5.3.2 Valkvæ Bgo_2



Område og planidentitet	Valkvæ Bgo_2	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



Saksarkiv Websak	-	Dagens føremål	Bustadområde
Gnr./bnr.	-	Reguleringsplan	Bustad
Arealstørrelse	418,7 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	-		
Kommunen si vurdering	<p>Ingen merknad til denne føremålsendringa.</p> <p>Denne føremålsendringa er ikkje direkte ei føremålsendring. Framlegget baserar seg på å endre små utkantar av gjeldande kommuneplan, for å tilpasse utbyggingsområdet til eksisterande, tilstøytande føremål (sjå kartutsnitt under). Nokon stadar er det snevra inn, mens andre stadar er det utvida noko. Det er derfor valt å ikkje greie ut om alle konsekvenstema. Det vert stilt krav om detaljregulering.</p> <p>Kartutsnittet under visar gjeldande kommuneplan, med framlegg føremål bustad over (gjennomsiktig framstilling for å få fram forskjellane).</p>		

5.3.3 Leitet Bgo_3

Område og planidentitet	Leitet Bgo_3	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 100 og 199	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	124/7 og 68	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	47,3 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 100 og 199: Området ligg inntil regulert/bygd område. I gjeldande reguleringsplan er det lagt til rette for vegtilkomst vidare vestover, inn i omsøkt område. Området ligg innanfor kjerneområde landbruk, men i utkanten av dette. Sør for området ligg det areal som er avsett til bustadføremål i gjeldande arealdel. Det blir vist til A-ref. 199/A-ref. 100, nabo-området.</p> <p>Føringar for utbygging: Det må utarbeidast detaljplan som ser utover eigedomsgrenser, det må sikrast tilstrekkeleg med veg- og leikeareal. Ikkje regulert utbygd areal sør for området må takast med i detaljplanen.</p>		



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet er ubyggt og landleg, og har ei jamn stigning frå sør til nord. Storparten av arealet består av jorddekt mark, og noko skog i nord-vest. Landskapsbiletet vil endrast noko, men utbygginga vil danne eit klart skilje mellom busetnad og LNF. Tydleg skilje mellom bygd og ikkje bygd område.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Må etablerast ny/e tilkomst/kryss til området. Ein må også vurdere om ein må auke kapasiteten på hovudårane inntil området, fv 127 og/eller vegen langs Leitet. Det vil vere kostbart å bygge ut infrastrukturen, men med befolkningsvekst og auka førespurnad etter bustadar, kan dette likevel vere positivt i samfunnssamanheng. VA må også etablerast med vegane.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje relevant.		-	
Naturmangfald	Ingen raudlista artar i eller ved utbyggingsområdet. Det strekk seg eit større område over storparten av utbyggingsområde merka som «Arter av stor forvaltningsinteresse».			X

Kulturminner	Ikkje registrerte kulturminner eller –miljø i eller ved området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder.		X	
Bukvalitet	Det vurderast at bukvaliteten i tilstøytande område er god, og framleis kan vere god/eller betre etter utbygginga og i området. (sjå blant anna tema Friluftsliv, folkehelse og barn og unge nedanfor). Stigningsforholda gjer det også mogleg å sikre gode utsikts- og solforhold gjennom regulering.	X		
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	God tilgjenge til friluftsliv, turveg til Dyb og kort veg til fjellet. Om ein ved utbygging legg opp til tverrstiar som knyt busetnaden saman med turvegen, leikeareal og møteplassar, vil dette kunne ha ein positiv verknad med auka tilrettelegging og bruk.	X		
ROS	Den nordlegaste delen av utbyggingsområdet er registrert som akksamheitsområde for snøskred. Det er også ein mindre tilstøytande del i snøskredområdet som er registrert som skredfasesone. Det er akseptabelt å bruke store delar av området til busetnad, med ein må sikre faren for skred før eventuell utbygging heilt nord i området. Må avklarast i samband med detaljregulering.			X
Folkehelse	Det må leggjast til rette for friluftsliv, leikeareal, snarvegar og møteplassar. Gjennom leikeplassnorma (revidert i 2017) vil det også vere sikra tilstrekkeleg leikeareal for barn og unge.	X		
Born og unges interesser	Frå barnetrakkregistreringar ved utbyggingsområdet finn ein ferdselsårer, leike- og opphaldsområde og vinterleik. Utbygging, med ytterlegare opparbeiding av leikeareal og sambindingsturvegar, vil sikre og ha positiv verknad for barn og unges interesser.	X		
Teknisk infrastruktur	Etablert vegtilkomstar ved utbyggingsområdet kan truleg nyttast for området. Terrenget vil gjere etablering av VA-leidningsnett relativt enkelt, med gode forhold for sjølvfall på leidningane. Deler av området nås ikkje med eksisterande vassanlegg (for høgt i terrenget) Både avløps/over overvassanlegg er overbelasta.		X	
Jordvern	Marka har god arrondering i eit samanhengane, rektangulært areal (inkludert vestliggande område). Området består av dyrkbar jord. Det er mye leire og silt i jordmassene. Det er sannsynlighet for jordras.			X
Sosial infrastruktur	Avhengig av kor mange bustadar utbygginga legg opp til, vil den kunne påverke sosial infrastruktur, med tanke på kapasitet. Kort avstand til skule og barnehage.		X	

Transportbehov og klimagassutslepp	God tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og omsorgsbustadar. Kollektivtrase langs fylkesvegen sør for området. Nærbutikk ca. 500 m sør for området.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Dyrkbart areal blir gjort utilgjengeleg.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Noko utfordrande å gjere terrenget universelt utforma på grunn av helling. Ikkje særleg utfordringar med å gjere bustadane tilgjengeleg etter TEK17.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	5	8	3
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga kan sikre og legge godt til rette for bukvalitet, friluftsliv, folkehelse og barn og unges interesser. Dei negative konsekvensane knyt seg i all hovudsak til omdisponering av LNF; jordvern, naturmangfald. Den nordlegaste delen av utbyggingsområdet er også utsatt for skred.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Sikre tilgjenge til turvegen, leikeareal og andre friluftstinteresser - ROS: skredfare (omsynssone, føresegner) - Kapasitet/behov barnehage/skule 			
Konklusjon	Området ligg inntil eksisterande bustadområdet og vil vere ei naturleg utviding av dette. Området ligg sentralt til, med kort veg til viktige funksjonar.			

5.3.4 Gøymyrane BKBgo_2 og BIAgo_1

Område og planidentitet	Gøymyrane BKBgo_2 og BIAgo_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 71, 78	Dagens foremål	Bustadområde og LNF
Gnr./bnr.	124/17, 55, 188 og 250	Reguleringsplan	Delvis regulert
Arealstørrelse	BKBgo_2 14,4 daa og BIAgo_1 25,6 daa	Framlegg foremål	Kombinasjonsformål bustad, privat eller offentlig tenesteyting, avklaring fordeling i samband med regulering
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 71 og 116 Området ligg inntil regulert men ubygd område til bustad. Området ligg utanfor kjerneområde landbruk. Området har tilkomst til fv. 127 via kommunal veg. Området er skilt ut som eiga tomt. Det er fleire innspel til dette området, jamfør blant anna A-ref. 78, 137, 161 og 190.</p> <p>A-ref. 78: Det er potensiell konflikt med bustadforemål inntil idrettsanlegg. Det vil vere mindre potensial for konflikt mellom offentlig og private tenesteyting (barnehage) og idrettsanlegg. Søndre del av bustadareal blir endra til offentlig og private tenesteyting. Viser til A-ref.. 71.</p> <p>A-ref. 137-3: Syner til A-ref. 71, 78, 116, 161 og 190</p> <p>A-ref. 190: Området er ønska lag mellom idrettsbane og bustadområde. Synar til A-ref 71, 78, 116, 137, 161 og 190.</p> <p>Føringar for utbygging: Heile området bør regulerast samtidig, bustad, offentlig og private tenesteyting og idrett. Avklaring av kor stort område til offentlig tenesteyting må klargjerast i samband med detaljregulering.</p> <p>A-ref. 161: Området ligg sentralt på Godøya, kort veg og gangveg til skule/framtidig barnehage, kort veg til butikk og kort veg til fv. 127. Bør vurdere høg utnytting på dette området. Tilkost via kommunal veg. Eventuelt frigjort når det er bygd ny barnehage ved idrettsbana.</p> <p>Føringar for utbygging: Bør sjå nærområdet med planbrille for å rydde opp litt når dette området blir detaljregulert.</p> <p>Vurderingar etter 1. gongs offentlig ettersyn: A-ref. 21c I samband med vedtak om utlegging til offentlig ettersyn av framlegg til kommuneplanen sin arealdel vart det gjort vedtak om å leggje inn ønska areal ved skulen/idrettshallen; (B)OPgo_2 vest for skulen og (B)OPgo_3 sør for skulen. Til nytt offentlig ettersyn blir arealet nord for Godøy IL sitt anlegg lagt ut</p>		

	<p>til kombinasjonsformål bustad, privat eller offentlig tenesteyting. Av mellom formåla må skje gjennom regulering.</p> <p>A-ref. 42: Areal til barnehage er sett av ved området ved Godøy IL sitt anlegg, området nord for idrettsanlegget blir endra til skravur bustad/offentleg eller privat tenesteyting.</p> <p>A-ref. 80: Det må leggjast opp til felles regulering og det må sikrast buffer mot landbruksareal mot vest. Parsell lagt inn som bustad, offentlig eller privat tenesteyting.</p> <p>A-ref. 105: Framlegg om å leggje inn areal til barnehage ved Godøy IL sitt anlegg blir delvis teke til følge, men lagt på begge delar av tilkomstveg til Godøy IL sitt anlegg, for å få buffer mellom bustad og idrettsplass. Plassering nord for skulen er ikkje ønskeleg, punkterer eit stor samanhengande LNF område, ikkje ønskeleg å leggje mykje nytta avkøyrsløse i dette området.</p> <p>A-ref. 106: Rådmannen vil i nytt framlegg leggje areal til ny barnehage nord for Godøy IL sitt anlegg.</p> <p>A-ref. 111: Det blir lagt opp til flytting av areal til barnehagen frå vest for skulen til nord for God IL sitt anlegg for buffer mellom idrett og bustad.</p> <p>A-ref. 114: Det vert rådd til at barnehage vert bygd ved Godøy IL sitt anlegg. Det bør ikkje byggjast ved Alnes tunnelen, då ein vil punktere eit stort samanhengande LNF areal og trafikale utfordringar med avkøyrsløse. Barnehage bør heller ikkje leggjast på dyrka mark.</p> <p>A-ref. 148: OPgo_2 blir endra til LNF. Areal til ny barnehage blir lagt til området nord for Godøy IL sitt idrettsanlegg, kombinasjonsformål bustad, offentlig eller privat tenesteyting.</p>
--	--



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet er urørt, og har ei låg, jamn stigning frå sør-aust til nord-vest. Arealet er i all hovudsak av jorddekt fastmark, med ein liten del i sør som består av myr. Det er ikkje registrert verdifullt kulturlandskap, naturtypar eller liknande. Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig verknad på landskapet. Sør-vestliggjande LNF-område vil få ei tydelegare grense til bustadområdet. Det er også berre halvparten av eksisterande utbygging område som blir omdisponert.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Tilkomst frå fylkesvegen må vidareførast. Ein må planlegge dette felles BKBgo_2 og BIAgo_1. Vatn og avløp må etablerast med tilkomst.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje relevant.		-	

Naturmangfald	Ingen raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved utbyggingsområdet.		X	
Kulturminner	Ikkje registrerte kulturminner eller –miljø i området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet. Det går ei høgspenning gjennom området.		X	
Bukvalitet	Det vurderast at bukvaliteten vil bli god, gunstig at buområda får buffer mot idrettsanlegget. (sjå blant anna tema friluftsliv, folkehelse og barn og unge nedanfor).	X		
Friluftstiltak og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Ikkje direkte tilknytning til friluftsliv, men det er likevel korte avstandar til turveg og forskjellige friluftsområde, samanhengande gang- og sykkelnett og kort veg til idrettsområde.		X	
ROS	Det er ikkje registrert varsam- eller fareområde i utbyggingsområdet, og det vil vere akseptabelt å bruke heile området til busetnad. Det må vurderast avbøtande tiltak for trafikkstøy og elektromagnetisk stråling.		X	
Folkehelse	Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig negativ verknad på folkehelse. Den vurderast likevel som positiv, på bakgrunn av relativt god tilgjenge til friluftsliv, idrettsanlegg like sør for området og buffer mellom bustad og idrettsområde. Gjennom leikeplassnorma (rullerast i 2017) vil det også bli sikra tilstrekkeleg leikeareal for barn og unge.	X		
Born og unges interesser	Frå barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at fylkes- og kommunevegen er nytta til ein del- og mykje ferdsel. I tillegg er idrettsanlegget nytta til leik og opphald. Frå idrettsanlegget og ned mot Strandklauva er det også eit område som blir nytta til ferdsel i natur. Utbygging, med ytterlegare opparbeiding av leikeareal, vil sikre og ha positiv verknad for barn og unges interesser.	X		
Teknisk infrastruktur	Det er etablert kommunal veg/tilkomst frå fylkesvegen, ned mot idrettsanlegget, denne må nyttast som tilkomst til barnehage og bustadar. På grunn av stigning mot nord må VA-leidningsnettet knytast til tverrgående leidning for spillvatn sør for området.			X
Jordvern	Området består i all hovudsak av dyrkbar jord.			X
Sosial infrastruktur	Vil ikkje påverke skule, barnehage og omsorgsbustadar i nemneverdig grad, relativt avgrensa med nye bueningar. Kort avstand til funksjonane nemnt over.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	God tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og omsorgsbustadar. Kollektivtrase langs fylkesvegen nord inntil utbyggingsområdet.	X		

Konsekvensar for næringslivet	Nedbygging av dyrkbart areal, tilrettelegging av areal til barnehage.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	5	9	2
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga kan sikre og legge godt til rette for bukvalitet, friluftsliv, folkehelse og barn og unges interesser. Dei negative konsekvensane knyt seg i all hovudsak til omdisponering av LNF; jordvern, landskap og naturmangfald, samt etablering av VA-leidningsnett på sørsida av utbyggingsområdet. BIAgo_1 blir utvida mot nordvest, framtidig parkeringsareal.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Sikre tilgjenge til friluftsområde og barnetrakk - Tilkomst til området - Vegstøy - Elektromagnetisk stråling Ein bør regulere områda saman, BKBgo1 og BIAgo_1.			
Konklusjon	Endring kan legge opp til buffer mellom idrett og bustad og tilrettelegging for barnehage.			

5.3.5 Skeilunden Bgo_6

Område og planidentitet	Skeilunden Bgo_6	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		



Saksarkiv Websak	A-ref 36	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	124/32	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	0,6 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	A-ref. 36: Utvidingsareal til eksisterande bustadområde i gjeldande arealdel. Området ligg i utkanten av eit større samanhengande landbruksområde, ligg utanfor kjerneområde landbruksareal.		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet er ubygd og består av skog og innmarksbeite. Terrenget har ei bratt stigning mot nord, på over 1:2. Utbygging til bustad vil medføre terrenginngrep.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Føreligg ikkje avløpsleidningar i eller tilstøytande til utbyggingsområdet. Det føreligg heller ikkje direkte tilkomst. Tilkomst må etablerast saman med VA-leidningsnett (det er planar om å etablere offentleg VA langs fylkesvegen).			X
Sjø, vatn og vassdrag	Grensar til 100-metersbeltet, bustadhus og fylkesveg ligg mellom området og strandsona.		X	
Naturmangfald	Ingen raudlista artar, viktige naturområder eller liknande i eller ved utbyggingsområdet.		X	
Kulturminner	Ingen registrerte kulturminner eller –miljø i eller rett ved området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet. Det er eldre private avløpsanlegg i området som ikkje tilfredsstiller dagens standard, dette vil bli sanert i samband med utbygging av nytt kommunalt VA-anlegg.		X	
Bukvalitet	Utbygginga vil ikkje få nemneverdig verknad for bukvalitet.		X	
Friluftstiltak og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	God tilgjenge til blant anna Geilevika. Litt lenger vest og aust finn ein også fleire friluftsområde av ulike verdi. Utbygging vil ikkje påverke tilgjenga eller liknande til		X	


	friluftsområde/friområde. Det er regulert og under utbygging fortau langs fylkesvegen.			
ROS	Må vurdere fare for skred, kvikkleire og liknande i samband med regulering.		X	
Folkehelse	Det er regulert og under utbygging fortau langs fylkesvegen.		X	
Born og unges interesser	Det er registrert eit område like vest for utbyggingsområde som er kategorisert «ferdsel i natur». Langs fylkesvegen er det også ein del ferdsel. Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig verknad for barn og unges interesser. Det er regulert og under utbygging fortau langs fylkesvegen.		X	
Teknisk infrastruktur	Det vil vere kostbart frå eit kost-/nytteperspektiv å etablere ei godkjent avløpsløyse, då det ikkje føreligg offentlig avløpsløyse i området i dag. Eksisterande tilkomst frå fylkesveg må nyttast. Det er ikkje offentlig avløpsanlegg i området endå.			X
Jordvern	Området består av ikkje dyrkbar jord, bratt terreng. Leire/silt i jordmasser og bratt skråning.		X	
Sosial infrastruktur	Ingen vesentleg verknad.		X	
Transportbehov og klimagassutslapp	Liten avstand til kollektivtrase langs fylkesvegen. Litt over 1 km til nærbutikk og andre funksjonar som skule og idrettsanlegg. Vurderast som middels bilbasert.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Ingen verknad for næringslivet.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Utfordrande å støtte UU/tilgjenge utan spesielle terreng og byggetekniske tiltak			X

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	-	14	3
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Dei kritiske konsekvensane for dette utbyggingsområdet er etablering av tilkomst, VA-leidningsnett og stigningsforholda.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga peikar på at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: - Landskap-/terrengtilpassing - Teknisk infrastruktur; avløpsanlegg			
Konklusjon	Utviding av eksisterande eigedom i samsvar med eigedomsgrenser.			

5.3.6 Godøyvegen, Geilevika Bgo_7

Område og planidentitet	Godøyvegen, Geilevika Bgo_7	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



Saksarkiv Websak	A-47	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	124/5, 35 og 191	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	2 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 47: Det kan leggjast inn som bustadområde nedste delen av området for ei rekkje med bustadar, med direkte tilkomst kommunal veg. Øvre delar av området er for bratt, det vil ikkje vere mogleg å få tilfredstillande tilkomst innanfor området. Området ligg inntil eksisterande bustadareal i gjeldande arealplan. Området ligg innanfor kjerneområde landbruk.</p> <p>Føringar for utbygging: Utbetringar av kommunal veg, jamfør merknad frå Godøy nærmiljøutval.</p>		



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn

Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet er ubygd og er nytta til innmarksbeite, med noko skog. Terrenget har ei stigning på om lag 1:3 mot nord på det brattaste. Utbygging vil ikkje påverke landskapet i nemneverdig grad, bygg vil vere synleg frå aust/vest. Del av området ligg som ein odde i terrenget. Tilstøytande areal mot nord er eit større jordbruksområde.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Tilkomst til offentlig veg frå området. Det føreligg ikkje VA-leidningsnett til området. Dette må etablerast (det er i planane til Giske kommune å etablere offentlig avløp som strekk seg langs fylkesvegen).		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Grensar til 100-metersbeltet, men vil ikkje få noko innverknad, det er bygd i ned i strandsona.		X	
Naturmangfald	Ingen raudlista artar, naturområder eller liknande i eller ved utbyggingsområdet.		X	
Kulturminner	Ikkje registrerte kulturminner eller –miljø i eller ved området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet. Det er ingen vegstøy som strekk seg til området frå verken kommune- eller fylkesveg.		X	
Bukvalitet	Området kan få god bukvalitet.		X	


Friluftstiltak og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Frå utbyggingsområdet har ein god tilgjenge til blant anna Geilevika og sjøareal. Vest og aust finn ein også fleire friluftsområde av ulike verdi. Utbygging vil ikkje påverke tilgjenga eller liknande til friluftsområde/friområde.		X	
ROS	Kan vere fare for skred, kvikkleire eller liknande. Det er sett krav om geoteknisk vurdering innanfor omsynssona H_310_2 før det kan gjerast tiltak i området. Det strekk seg eit høgspontanlegg over området frå nord til sør. Trafikk på smal veg kan vere utfordrande.		X	
Folkehelse	Gode føresetnadar for friluftsliv og rekreasjon.		X	
Born og unges interesser	Det er registrert eit område like aust for utbyggingsområde som er kategorisert med «ferdsel i natur». Langs fylkesvegen er det også ein del ferdsl. Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig verknad for barn og unges interesser. Ådalsvegen er skuleveg, ikkje gunstig med auke i trafikk utan utbetring.		X	
Teknisk infrastruktur	Kostbart, sett frå eit kost-/nytteperspektiv, å etablere ei godkjent avløpsløyse, då det ikkje føreligg offentlig avløpsløyse i området i dag. Tilkomst vil vere relativt enkelt å etablere ut frå eksisterande veg som går langs området. Dårlig vegstandard, må utbetre ved utbygging.			X
Jordvern	Området blir nytta til innmarksbeite. Leire/silt i jordmasser og bratt skråning.			X
Sosial infrastruktur	Kort avstand til funksjonar som skule, barnehage og omsorgsbustadar. Relativt få bueningar som gje liten konsekvens kapasitet.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Liten avstand til kollektivtrase langs fylkesvegen. Om lag 1,5 km til nærbutikk og andre funksjonar som skule og idrettsanlegg. Vurderast som middels bilbasert.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Små; brattlendt beite blir omdisponert.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Utfordrande å stette UU/tilgjenge utan spesielle terreng og byggetekniske tiltak			X

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	-	14	3
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Ingen vesentlege konsekvensar, utover teknisk infrastruktur bruken av området til innmarksbeite.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga peikar på at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Terrengtilpassing - Teknisk infrastruktur; avløpsanlegg - Høgspontanlegg (kartlegge, vurdere og eventuelt avbøte) 			
Konklusjon	Utviding av eksisterande bustadområde.			

5.3.7 Kamdalsvegen, Gøymyrane Bgo_8

Område og planidentitet	Kamdalsvegen, Gøymyrane Bgo_4	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



Saksarkiv Websak	A-ref. 198	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	124/5, 10, 132, 192, 208, 382, 383	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	11 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 71og 116 Området ligg mellom eksisterande busetnad, inntil kommunal veg med liten avstand til fv. 127. Kort veg til skule og idrettsanlegg, delvis langs gang-/sykkelveg. Det blir snart bygd ut kommunalt avløp til området. Området ligg inntil arealføremål bustad i gjeldande plan. Området ligg innanfor kjerneområde landbruk, men i utkant.</p> <p>Føringar for utbygging: Ved regulering må ein sjå heile utbyggingsområdet under eitt.</p> <p>Vurderingar etter 1. gongs offentleg ettersyn</p> <p>A-ref. 149: Framlegg om å endre tilbake til LNF del av Bgo_8, område som ikkje er delt frå til tomter.</p>		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn




Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet består stort sett av jorddekt fastmark, skog med høy bonitet og noko overflatedyrka areal. Det er ei jamn stigning inn mot midten av området frå både vest og aust. Utbygginga vil ha noko negative verknader for landskapet. Det ligg alt to etablere bustadar spreidd i området. Landskapet er elles fragmentert av flekkar med skog og mark. Gode sol- og utsiktsforhold mot sjø i sør. Vestleg del av området er skogledd.			X
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ein må etablere tilkomst frå kommunal veg. Det er opparbeidd ny offentleg VA frå skulen. Det må vurderast utviding av veg i samband med utbygging.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje relevant.		-	
Naturmangfald	Ingen raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved utbyggingsområdet.		X	

Kulturminner	Ikkje registrerte kulturminner eller –miljø i eller ved området.		X	
Forureining	Vegstøy kjem ikkje i konflikt med området.		X	
Bukvalitet	Det vurderast at bukvaliteten er god, og framleis kan vere god/eller betre etter utbygginga (sjå blant anna tema Friluftsliv, folkehelse, barn og unge og landskap).	X		
Friluftsliv og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Frå utbyggingsområdet har ein korte avstandar til blant anna viktige friluftsområde (Geilvika f.eks.), samanhengande turveg, samanhengande gang- og sykkelveg.		X	
ROS	Det er ikkje registrert varsam- eller fareområde i utbyggingsområdet, og det vil vere akseptabelt å bruke heile området til busetnad. Ein bør ved detaljregulering kartlegge elektromagnetisk stråling frå høgspenning langs området.		X	
Folkehelse	Vurdert som positiv verknad, på bakgrunn av relativt god tilgjenge til friluftsliv, kort skuleveg, idrettsanlegg like aust for området og samanhengande gang- og sykkelveg. Gjennom leikeplassnorma (rullerast i 2017) vil det også vere sikra tilstrekkeleg leikeareal for barn og unge.	X		
Born og unges interesser	Både fylkes- og kommunal veg blir nytta til ferdsel. Like aust for utbyggingsområdet er det også eit område som blir nytta til vinterleik. Vest for området, langs kommunal veg, er det registrert ei problemområde. Utbygging med opparbeiding av leikeareal, vil både sikre og ha ein positiv verknad for barn og unges interesser.	X		
Teknisk infrastruktur	Det er opparbeidd kommunal veg til området, den må vurderast oppgraderast. Det er nyleg etablert VA-leidningsnett til området.		X	
Jordvern	Delar av utbyggingsområdet er overflate dyrka jord og blir omdisponert til bustadar. Vestre delar av området er delt opp i tomter.			X
Sosial infrastruktur	Vil ikkje påverke kapasitet skule, barnehage og omsorgsbustadar i nemneverdig grad. Låge til middels avstandar til dei tre nemnde funksjonane.		X	
Transportbehov og klimagassutslapp	God tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og sjukeheim. Kollektivtrase langs fylkesvegen nordaust for utbyggingsområdet. Kan tenkast at det vert relativt lite bilbasert, tatt tilgjenge til friluftsliv også i betraktning.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Nedbygging av dyrkbart areal.			X

Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.		X	
--	---	--	---	--

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	4	9	3
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Vurderinga visar at utbygginga medføre konflikthar knytt til landskap og jordvern, i all hovudsak på grunn av omdisponering av dyrka mark og skog med høg bonitet – til bustadar. Elles er det positive konsekvensar, knytt til friluftsliv og tilgjenge til andre funksjonar.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Høgspenning (kartlegge, vurdere og eventuelt avbøte) - Tilpassa utnytting på bakgrunn av omdisponering av fulldyrka mark 			
Konklusjon	Området ligg inntil eksisterande areal sett av til bustadformål, ved kommunal veg og det er utbygd VA-anlegg.			

5.3.8 Bgo_16

Område og planidentitet	Bgo_16	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		





Saksarkiv Websak		Dagens føremål	LNf
Gnr./bnr.	124/80, 501 og 612	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	6,6 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	Området er delvis bygd ut, mogleg ei tomt til		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Det ligg spreidd busetnad i utbyggingsområdet. Mellom bustadane er det jorddekt fastmark. Det er ikkje registrert verdifulle kulturlandskap, naturtypar eller liknande. Terrenget fell mot sør. Utbygging vil ikkje ha nemneverdig verknad på landskapet. Eksisterande busetnad dannar skilje til kringliggande landskap.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Det er etablert tilkomst til sjølve utbyggingsområde. Det føreligg VA-leidningsnett i området til eksisterande busetnad.	X		
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje relevant.		-	
Naturmangfald	Ikkje registrert raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved området.		X	
Kulturminner	Ikkje registrert kulturminner eller –miljø i eller ved området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller ved området.		X	
Bukvalitet	Fortetting med frittliggande einestadar, vidareføring av dagens kvalitetar.		X	
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Utbyggingsområdet har ikkje direkte tilknytning til friluftslivområde, men det er likevel korte avstandar til fjell og fjøre.		X	
ROS	Det er ikkje registrert varsam- eller fareområde i utbyggingsområdet, og det vil vere akseptabelt å bruke området til busetnad.		X	

Folkehelse	Vurdert som positiv verknad, på bakgrunn av relativt god tilgjenge til friluftsliv, kort skuleveg og idrettsanlegg like aust for området.		X	
Born og unges interesser	Frå barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at kommunal veg nyttast til ein del ferdsel. Det er mange registrering ved skulen, nord for området.		X	
Teknisk infrastruktur	Det er etablert kommunal tilkomst til utbyggingsområdet. VA-leidningsnett er også etablert for eksisterande busetnad. Det vil ikkje krevje store tiltak for å knyte på VA-leidningsnett og tilkomst for eventuelt nye bustadar.	X		
Jordvern	Utbyggingsområdet består i all hovudsak av jorddekt fastmark, og grensar til fulldyrka jord og innmarksbeite. Området er i hovudsak nedbygd. Det er eit mindre areal som ikkje er bygd ned mot aust. Med omdisponering av BOPgo_3 vil ikkje dette vere drivverdig areal.		X	
Sosial infrastruktur	Vil ikkje påverke skule, barnehage og sjukeheim i nemneverdig grad. Låge avstandar til dei tre nemnde funksjonane.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	God tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og sjukeheim. Kollektivtrase langs fylkesvegen nord for utbyggingsområdet.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Liten negativ verknad for landbruk.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	3	13	0
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar. Det er etablert spreidd busetnad i utbyggingsområdet per i dag, og framlegg til føremål opnar berre for å etablere nye bustadar innanfor eksisterande busetnad.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: - Tilpassing til eksisterande busetnad			
Konklusjon	Formalisering av i hovudsak utbygd område.			

5.3.8 Negardvegen Bgo_9

Område og planidentitet	Negardvegen Bgo_9	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref 222	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	124/11	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	4 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	Framlegg om å leggje inn i ny plan Endre føremål i samsvar med skyldte grenser, delvis bygd areal. Ligg innanfor kjerneområde landbruk. Området er delvis utbygd, fortetting vil gje små konsekvensar for landbruk.		


Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Det ligg spreidd busetnad i utbyggingsområdet. Mellom bustadane er det jorddekt fastmark. Det er ikkje registrert verdifulle kulturlandskap, naturtypar eller liknande. Terrenget har noko stigning mot nord-aust, men er relativt jamt. Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig verknad på landskapet. Eksisterande busetnad dannar skilje til kringliggande landskap.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Det er etablert tilkomst til sjølve utbyggingsområde. Det foreligg VA-leidningsnett i området til eksisterande busetnad.	X		
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje relevant.		-	
Naturmangfald	Ingen raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved området.		X	
Kulturminner	Ikkje registrert kulturminner eller -miljø i eller ved området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller ved området.		X	
Bukvalitet	Fortetting med frittliggande einbustadar, vidareføring av dagens kvalitetar.		X	
Friluftstiltak og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Utbyggingsområdet har ikkje direkte tilknytning til friluftslivområde, men det er likevel korte avstandar forskjellige friluftsområde.		X	

ROS	Det er ikkje registrert varsam- eller fareområde i utbyggingsområdet, og det vil vere akseptabelt å bruke området til busetnad.		X	
Folkehelse	Vurdert som positiv verknad, på bakgrunn av relativt god tilgjenge til friluftsliv, kort skuleveg og idrettsanlegg like aust for området.		X	
Born og unges interesser	Frå barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at kommunal veg nyttast til ein del ferdsel, og fylkesvegen nyttast til noko ferdsel. Det er også registrert eit problemområde og eit trafikkområde like nord for utbyggingsområdet. Det er relativt korte avstandar til leike- og opphaldsområde i øst, og badeområder i vest. Utbygginga vil ikkje påverke born og unges interesse i nemneverdig grad.		X	
Teknisk infrastruktur	Det er etablert kommunal tilkomst til utbyggingsområdet. VA-leidningsnett er også etablert for eksisterande busetnad. Det vil ikkje krevje store tiltak for å knyte på VA-leidningsnett og tilkomst for eventuelt nye bustadar.	X		
Jordvern	Utbyggingsområdet består i all hovudsak av jorddekt fastmark, og grensar til fulldyrka jord og innmarksbeite. Det er skylddelte tomter innanfor området, men ikkje kartfesta.		X	
Sosial infrastruktur	Vil ikkje påverke skule, barnehage og sjukeheim i nemneverdig grad. Låge avstandar til dei tre nemnde funksjonane.		X	
Transportbehov og klimagassutslipp	God tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og sjukeheim. Kollektivtrase langs fylkesvegen sør for utbyggingsområdet. Kan tenkast at det vert relativt lite bilbasert, tatt tilgjenge til friluftsliv også i betraktning.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Liten negativ verknad for landbruk.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.		X	


Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: - Tilpassing til eksisterande busetnad
Konklusjon	Tilrettelegging til utbygging av alt skyld delte tomter.

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	3	13	0
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar. Det er etablert spreidd busetnad i utbyggingsområdet per i dag, og framlegg til føremål opnar berre for å etablere nye bustadar innanfor eksisterande busetnad.			

5.3.9 Flatebøen/Paulsneset Bgo_10, SHgo_4

Område og planidentitet	Flatebøen/Paulsneset Bgo_10, SHgo_4	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



Saksarkiv Websak	-	Dagens føremål	Bustadformål/LNF
Gnr./bnr.	124/15	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	3 daa som blir omdisponert frå arealdelen 2009 SHgo_4: 6,3 daa	Framlegg føremål	Bustad, småbåthamn
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	<p>Ingen merknad til denne føremålsendringa. Kommunen har sjølv lagt opp til utviding av eksisterande busetnad i sør frå eksisterande kommuneplan. Endringa gjerast på bakgrunn av vedtatt reguleringsplan, 2010012. Utvidinga legg opp til ei samanhengande grense i sør, i samband med reguleringsplanen. Sjølv om konsekvensutgreiinga skal vurdere det nye føremålet, vil nokon tema vurderast ut i frå heilheita til Bgo_10 (inkludert det som allereie var fastsatt i gjeldande kommuneplan).</p> <p>Vurdering etter 1. gongs offentleg ettersyn</p> <p>A-ref. 167: Utviding av eksisterande småbåthamn. Området bak er privatisert av bustadområde/leikeareal</p>		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn

Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	<p>Landskapet består stort sett av fulldyrka jord, med noko innmarksbeite i sør. Terrenget har ei jamn stigning frå sør til nord. Utbygginga vil ikkje vere negativ*. Vedtatt reguleringsplan (20100012) dannar eit klart skilje mellom busetnad og friluftsliv/naust i 100-metersbeltet. Utbygginga (utviding av føremålsgrensa) vil gjere landskapskarakteren meir eintydig og definert, saman med tilstøytande områder.</p> <p>* Det vil ikkje vere negativ konsekvens, då konsekvensutgreiinga vurderer framlegg føremål mot gjeldande kommuneplan – då er det berre ein liten del som blir omdisponert frå LNF; Bgo_10.</p>		X	



	 <p>Småbåthamn vil medføre inngrep i strandsona med molo og endring av strandsona. Relativ låge konstruksjonar som vil gje liten verknad frå land, noko meir synleg frå sjø. Utviding av eksisterande molo, småbåthamn,</p>			
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ein må etablere tilkomst frå kommunal veg. Det er fleire alternativ for dette, blant anna frå kommunal veg i nord eller i vest.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Delar av utbyggingsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet. Det vert vurdert, på bakgrunn av tilstøytande arealbruk, at dette ikkje vil få vesentlege verknadar. Det er lagt inn LNF-areal som buffer mot strandsona på om lag 60 m. Småbåthamna vil medføre inngrep i strandsona, utviding av eksisterande molo/småbåthamn.		X	
Naturmangfald	Ingen raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved utbyggingsområdet.		X	
Kulturminner	Ingen kulturminner eller –miljø i eller ved området. Sør i 100-metersbeltet er det ei SEFRAK-registrert bygning.		X	
Forureining	Gul støysone langs fylkesvegen kan påverke busetnad heilt nord i utbyggingsområdet noko, men enkle tiltak bør vere nok til å avbøte dette. Krav om støyvurdering. Dersom det blir lagt opp til opptrekk av båtar må det leggjast til rette for spyle/vedlikehaldsområde med oppsamling av forureining/næringssalt.		X	
Bukvalitet	Det vurderast at bukvaliteten i og tilstøytande til utbyggingsområdet kan påverkast i positiv grad (med tanke på barn og unges interesser – leikeareal blant	X		

	anna, og tilpassa utbygging i 100-metersbeltet – auka bruk).			
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Frå utbyggingsområdet har ein korte avstandar til blant anna viktige friluftsområde både i nord, vest og aust, fjøre og fjell. Det er også regulert inn ein turveg sør-vest for området. Det må leggjast til rette for ferdsel i strandsona, småbåthamna må ikkje bli ei barriere.	X		
ROS	Utbyggingsområdet er utsatt og registrert for: Potensielt jord-/flomskredfare, utløpsområde for skred, flom og aktsamheitsområde. Like nord for fylkesvegen er det også skredsone_5000 og trafikkstøy. I samband med regulering av området må tema over vurderast og eventuelt avbøtande tiltak.			X
Folkehelse	Utbygginga vil ha positive verknadar for folkehelsa. Det er god tilgjenge til friluftsliv og 100-metersbeltet. Etablering av turveg for vedtatt reguleringsplan, og eventuell tilknytning for gjeldande utbyggingsområde, vil legge til rette for auka bruk. Gjennom leikeplassnorma vil det også vere sikra tilstrekkeleg leikeareal for barn og unge.	X		
Born og unges interesser	Frå kartlegginga av barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at det er registrert noko ferdsel langs fylkesvegen, fine stader i vest og vinterleik og badeområder i aust. Leikeareal vil bli sikra ved regulering, og turvegen kan også knyte saman utbyggingsområdet med nemnde friluftsområder.	X		
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomst til utbyggingsområdet (moglegheit både i vest og aust) og VA-leidningsnett for tilstøytande områder. Etablering av infrastrukturen vil krevje relativt små tiltak. Vurderast som noko positiv etter den forenkla framstilling (allereie etablerte anlegg med gode tilknytingsmoglegheit). Det er ikkje kapasitet i avløpsanlegget for vidare utbygging i området	X		
Jordvern	Overflatedyrka areal blir omdisponert til bustadformål. Største delen av området Bgo_10 ligg som utbyggingsområde etter arealdel 2009. Etter omdisponering i arealdel 2009 er det dårleg arrondering av igjen verande landbruksareal og utfordrande tilkomst. Vidare omdisponering av LNF vil gje små negative konsekvensar.			X
Sosial infrastruktur	Middels avstand skule, barnehage og omsorgsbustad. I samband med regulering må kapasitet ved barnehage og skule vurderast.			X

Transportbehov og klimagassutslepp	Middels tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og omsorgsbustad. Kollektivtrase langs fylkesvegen nord for utbyggingsområdet. Kan tenkast at det vert middels bilbasert, tatt tilgjenge til friluftsliv også i betraktning.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Liten negativ verknad for næringslivet sidan største delen av området ligg som utbyggingsområde.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17. Det bør vurderast tilrettelegging i småbåthamna/fiskeplassar på molo for rørslehemma.		X	



Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	5	11	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Ingen vesentlege negative konsekvensar, sett vekk frå ROS-vurderinga. Sjølv om ein omdisponerer noko fulldyrka mark (storparten av området er allereie omdisponert i arealdel 2009) er det knytt positive konsekvensar til utbygginga; bukvalitet og folkehelse i samanheng med friluft og barn og unges interesser og relativ enkel tilknytning for infrastruktur.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart. Regulering bør gjerast saman med strandsoneområdet (LNF). Konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Sikring av kulturminner sør i LNF-området - Støy forureining langs fylkesvegen, eventuelle avbøtande tiltak - ROS: Skred og flaum - Tilknytning til regulert turveg - Eventuelle avbøtande tiltak i samband med opparbeiding av småbåthamn/molo - Sikre ferdsel i strandsona - Dersom det blir lagt opp til båtøppteck; spyle/vedlikehalds område med oppsamling av forureining/nærings salt 			
Konklusjon	Eit mindre areal LNF blir omdisponert til bustadformål, som er del av eit større samanhengande bustadområde.			

5.3.10 Alnes Bgo_11


Område og planidentitet	Alnes Bgo_11	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		

Saksarkiv Websak	-	Dagens foremål	LNF
Gnr./bnr.	126/87	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	1,5 daa	Framlegg foremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Området er bygd ut, vil bli teke med i samband med regulering av BKBgo_1		
Kommunen si vurdering	<p>Ingen merknad til denne føremålsendringa.</p> <p>Det er allereie etablert ein bustad utbyggingsområdet, og omregulering gjerast for å få bustaden i samsvar med kommuneplanens arealdel. Det blir derfor ingen fysiske endringar – og det er då valt å ikkje greie ut om alle konsekvenstema. Området ligg innanfor 5000 år skredområde.</p> <p>Oppfølgingsbehov ved regulering: Området bør regulerast i samband med vestliggande område, BKBgo_1.</p>		
			

5.3.11 Geilevika BABgo_2

Område og plan-ID	Geilevika BABgo_2	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



5Saksarkiv Websak	A-ref. 117	Dagens føremål	Småbåtopplag
Gnr./bnr.	124/328	Reguleringsplan	Småbåtanlegg og havneområde
Arealstørrelse	4,3 daa	Framlegg føremål	Naust
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	Framlegg om å leggje inn i ny plan Området ligg inntil eksisterande naust/småbåthamn. Ubygd næringsområde sør for området. Geilevika er fiskerihamn, kommunen ønskjer at fiskerihamna blir vidareført.		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn



Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet vil ikkje bli påverka i nemneverdig grad. Utbyggingsområdet er i dag bygd ut på bakkenivå, i form av parkeringsareal med fast dekke. Eksisterande naust mot vest.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ingen tiltak nødvendig.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Utbyggingsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet. I seg sjølv er ikkje utbygginga positiv. Det vurderast likevel at utbygging vil vere positiv, og kan medføre auka bruk i området – på bakgrunn av at tilstøytande områder alt er bygd.	X		
Naturmangfald	Det er registrert framande artar i utbyggingsområdet; «Fôrvalurt» med status «potensiell høy risiko». Rett vest er det også registrert artar som er «nær truet». Aust for området er der registrert ei artsområde.			X
Kulturminner	Ingen kulturminner i utbyggingsområdet. Nærmaste kulturminne i vest kjem ikkje i konflikt.		X	
Forureining	Gul støysone langs fylkesvegen nord for utbyggingsområdet kan medføre noko støy, men enkle tiltak vil kunne avbøte dette. I samband med regulering må det setjast krav slik at vedlikehold av båtar i småbåthamna blir gjort slik at olje eller anna		X	

	forurensing blir samla opp og deponert. Det er privat utslipp i havnebassenget.			
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Utbyggingsområdet ligg innanfor eit større område som er kartlagt som eit viktig friluftsområde. Vest og aust for området er det også fleire friluftsområde. Utbygging i form av naust til kunne medføre auka bruk og tilrettelegging.	X		
ROS	Det er estimert en havstigning på 22 cm fram mot 2050, relativt til år 2000, og utbyggingsområdet er registrert som eit varsamheitsområde med tanke på flaum. Frå vurderinga vil det vere akseptabelt å bruke området til naust. Det blir i føresegn sett krav til høgde golv/krav til materialbruk. Det blir sett krav i føresegnene om høgde på golv eller krav om å tåle å bli overflødd dersom det blir bygd lågare.		X	
Folkehelse	På generell basis er ikkje bygging i strandsona i seg sjølv positivt. På bakgrunn av området status og nytte i dag, vil utbygging vere positivt. Det kan føre til auka bruk, men det vurderast til nøytrale konsekvensar.		X	
Born og unges interesser	Frå kartlegginga av barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at like nord-vest for utbyggingsområdet ligg det eit naturområde som nyttast til ferdsel. Fylkesvegen nyttast og til noko ferdsel. Utbygginga vil ikkje ha vesentlege konsekvensar.			
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomst til området. For å etablere fullstendig tilkomst til nye naust vil det krevje berre små tiltak.	X		
Jordvern	Ikkje relevant.		-	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagassutslapp	Middels god tilgjenge til funksjonar. Skule, barnehage og omsorgsbustadar er ikkje relevant då utbygginga ikkje legg opp til fast opphald. Busshaldeplass i nærleiken langs fylkesvegen.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Ingen verknad for næringslivet.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		


Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	4	8	1
------------------------	--	----------	----------	----------

Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Det er ikkje knytt mange vesentlege konsekvensar for dette utbyggingsområdet. Områdets status i dag gjer ikkje mykje nytte for seg, og utbygging vil stort sett føre med seg nøytrale eller positive konsekvensar. Einaste negativ konsekvens frå utgreiinga er at det er registrert framande artar i området.
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart. Regulering bør gjerast i samband med sør-liggjande LNF-områdekonskvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Kartlegge artane i og ved utbyggingsområdet - ROS: Flaum
Konklusjon	Utviding av eksisterande naustområde.

5.3.12 Geilevika BNgo_2

Område og plan-ID	Geilevika BNgo_2	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



Saksarkiv Websak	A-ref. 2. gongs 21	Dagens foremål	-
Gnr./bnr.	124/328	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	4,3 daa	Framlegg foremål	Næringsformål
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	<p>Framlegg om å leggje inn i ny plan</p> <p>Området ligg inntil eksisterande naust/småbåthamn. Ubygd næringsområde sør for området. Geilevika er fiskerihamn, kommunen ønskjer at fiskerihamna blir vidareført.</p> <p>Det blir lagt opp til styrking av Geilevika som fiskerihamn/næringsområde med utviding av næringsareal.</p>		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn




Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet vil bli påverka, utfylling av strandsone. Utbygging av området vil medføre landskapsendringar; volum og høgde.			X
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Det må vurderast grunnundersøking før utfylling, eventuelle avbøtande tiltak i samband med utfylling.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Utbyggingsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet. Området vil vere utviding av eit større samanhengande nærings/industriområde.			X
Naturmangfald	Det er registrert framande artar i utbyggingsområdet; «Fôrvalurt» med status «potensiell høy risiko». Vest for området det registrert artar av særleg stor forvaltningsinteresse; svartbak, havørn, ærfugl og stare. Utfylling av området vil medføre store negative konsekvensar for artar innanfor formålsområdet.			X
Kulturminner	Ingen kulturminner i utbyggingsområdet. Nærmaste kulturminne mot aust kjem ikkje i konflikt.		X	
Forureining	Gul støysone langs fylkesvegen nord for utbyggingsområdet kan medføre noko støy, men enkle tiltak vil kunne avbøte dette. Det er bustadområde nord for formålet, ved eventuell etablering av støyande verksemd må avbøtande tiltak leggjast inn som rekkjefølgjekrav. Det må vurderast behov for		X	

	støyanalyse i samband med regulering. I samband med regulering må det setjast krav om at eventuell forureining blir samla opp og deponert. Det er privat utslipp i hamnebasenget.			
Bukvalitet	Avhengig av utnytting av området, volum og byggjehøgde, kan utbygging gje negative konsekvensar for bukvalitet til bustadområdet nord for formålsområdet. Støy utover trafikkstøy frå fylkesvegen vil også vere negativt. Det må truleg påreknast meir trafikk av tunge køyretøy i anleggsperioden og ved drift.			X
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Det er ikkje registrert at området blir nytta til friluftsliv/rekreasjon. Lokalt har det kome innspel om at området sporadisk blir brukt til bading.		X	
ROS	Det er estimert en havstigning på 22 cm fram mot 2050, relativt til år 2000, og utbyggingsområdet er registrert som eit varsamheitsområde med tanke på flaum. Frå vurderinga vil det vere akseptabelt å bruke området til naust. Det blir i føresegn sett krav til høgde golv/krav til materialbruk. Det blir sett krav i føresegnene om høgde på golv eller krav om å tåle å bli overflødd dersom det blir bygd lågare.		X	
Folkehelse	På generell basis er ikkje bygging i strandsona i seg sjølv positivt. På bakgrunn av området status i dag, vil utbygging vere positivt, samanhengande større næringsområde. Det kan føre til arbeidsplassar med kort reiseveg.		X	
Born og unges interesser	Frå kartlegginga av barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at like nord-vest for utbyggingsområdet ligg det eit naturområde som nyttast til ferdsel. Fylkesvegen nyttast og til noko ferdsel. Utbygginga vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar. Det må påreknast meir trafikk av tunge køyretøy , både i anleggsperioden og drift av området.			X
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomst til området vest for formålet, den må nyttast til tilkomst til formålet. Det er under prosjektering gang- og sykkelveg langs fylkesvegen frå Geilevika og austover.	X		
Jordvern	Ikkje relevant.		-	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Middels god tilgjenge til nødvendige funksjonar. Busshaldeplass i nærleiken ved fylkesvegen. Det er under prosjektering gang- og sykkelveg langs fylkesvegen frå Geilevika og austover.		X	

Konsekvensar for næringslivet	Positiv verknad for næringslivet, tilrettelegging av næringsareal.	X		
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	3	7	5
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Det er knytt fleire negative konsekvensar for dette utbyggingsområdet, hovudsakleg gjeld det naturmangfald, men også konsekvensar for eksisterande bustadområde nord for formålet, støy. Det blir lagt inn som næringsområde på grunn av eksisterande næringsområde og hamneområde vest for formålet.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart. Regulering bør gjerast i samband med sør-liggjande LNF-områdekonskvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Grunnundersøking - Støykartlegging - Kartlegge artane i og ved utbyggingsområdet - ROS: Havnivåstigning/stormflo 			
Konklusjon	Utviding av eksisterande næringsområde.			

5.3.13 Juvstranda BABgo_5a

Område og plan-ID	Juvstranda BABgo_5a	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 119	Dagens føremål	LNF og naust
Gnr./bnr.	125/33	Reguleringsplan	Landbruksområde
Arealstørrelse	0,7 daa	Framlegg føremål	Naust
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 119: Utviding av eksisterande naustområde. Vegtilkomst til fv 125. I austleg del av naustområde i gjeldande plan er det bygd molo. Delar av naustområdet er i gjeldande plan bygd ut med gamle, store naust. Det bør leggjast til rette for at desse nausta kan vedlikehaldas og bestå slik dei er, også ved eventuell flatpakking/brann.</p> <p>Føringar for utbygging: Heile naustområdet må sjåast i samanheng med detaljregulering, det bør leggjast til rette for at desse nausta kan vedlikehaldas og bestå slik dei er (storleik, volum).</p>		




Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Terrenget er relativt jamt, men stiger noko frå sjøkanten og oppover gjennom utbyggingsområdet. Dekket består av jorddekt fastmark. Tilstøytande område i vest er LNF område, mens i aust er det allereie etablerte naust. Utbygginga vil, om tiltak/a tilpassast eksisterande omgivadar, ikkje påverke landskapsbiletet i nemneverdig grad.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Må opprettast tilkomst frå kommunal veg. Elles ingen nødvendige tiltak.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Utbygginga ligg innanfor 100-metersbeltet. Sidan det er eit relativt lite område som legg opp til naust, vil ikkje det påverke 100-metersbeltet i stor grad. Området er del av eit større samanhengande naustområde.		X	
Naturmangfald	Utbygginga vil ikkje kome i konflikt med naturmangfaldet.		X	
Kulturminner	Ingen kjende kulturminner i utbyggingsområdet. Nærmaste kulturminne i aust kjem ikkje i konflikt.		X	


Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet.		X	
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Utbyggingsområdet ligg innanfor eit større område som er kartlagt som eit viktig friluftsområde. Vest for området er det også fleire friluftsområde, som er kategorisert som viktig og svært viktig friluftsområde.		X	
ROS	Det er estimert en havstigning på 22 cm fram mot 2050, relativt til år 2000, og utbyggingsområdet er registrert som eit varsamheitsområde med tanke på flaum. Det er også registrert som eit utløpsområde for snøskred. Frå vurderinga vil det vere akseptabelt å bruke området til naust. Det blir sett krav i føresegnene om høgde på golv eller krav om å tåle å bli overflødd dersom det blir bygd lågare.		X	
Folkehelse	Små eller ingen konsekvensar.		X	
Born og unges interesser	Frå kartlegginga av barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at utbyggingsområdet ligg inntil eit område som er registrert som «fine stader». Langs fylkesveger er det også noko ferdsel. Utbygginga vil ikkje ha nemneverdige negative konsekvensar.		X	
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomst til området. For å etablere fullstendig tilkomst til naust vil det krevje berre små tiltak.	X		
Jordvern	Ikkje relevant.		-	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagassutslapp	Middels god tilgjenge til funksjonar. Skule, barnehage og sjukeheim er ikkje relevant då utbygginga ikkje legg opp til fast opphald. Busshaldeplass i nærleiken langs fylkesvegen.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Ingen verknad for næringslivet.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	2	12	0
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Det er ikkje knytt vesentlege konsekvensar for utbyggingsområdet. Området ligg i dag inntil allereie etablert naust, og vil derfor (og på grunn av liten storleik) ikkje ha særleg verknad for landskapsbiletet eller liknande.			



Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart. Regulering bør gjerast i samband med sør-liggjande LNF-områdekonsklusjonsutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Detaljregulering i samanheng med heile naustområdet - ROS: Stormflo og havnivåstigning
Konklusjon	Lita utviding av eksisterande naustområde.

5.3.14 Leitebakk BOPgo_1

Område og planidentitet	Leitebakk BOPgo_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	-	Dagens føremål	Offentlig bygning og bygning med særskilt allmenntilgjengelig formål
Gnr./bnr.	124/247, 378, 379 ,451 ,517, 562 og 563	Reguleringsplan	Offentlig bebyggelse og allmenntilgjengelig formål
Arealstørrelse	11,9 daa	Framlegg føremål	Offentlig eller private tenesteyting
Forventa gjennomføring	Usikkert, barnehagen må først flytte før tiltak blir sett i gang.		
Kommunen si vurdering	Tilrettelegging for utvidingsareal for offentlig tenesteyting		
Vurdering av konsekvensar for miljø og samfunn	<p>Det er valt å ikkje gjennomføre ei fullstendig utgreiing for dette utbyggingsområdet. Dette gjerast i bakgrunn av at null-alternativet (gjeldande kommuneplan) og framlegg føremål er i samsvar. Eksempelvis vil eit tilbygg på barnehage/omsorgsbustadar både vere i tråd med «offentlig bygning» og «offentlig eller private tenesteyting». Ei kort oppsummering av utvalte konsekvensar vil bli presentert under.</p> <p>Positive konsekvensar ved utbygging:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Auka kapasitet/leike eller bruk for barn og unge (avhengig av arealbruk) - Auka kapasitet for eldre og/eller sjuke (avhengig av arealbruk) <p>Negativt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Potensielt tap av skog med høg bonitet vest i utbyggingsområdet som også inngår som ein del av eit vinterleikområde. Vurdere å regulere vestleg del av området til leik/grønstruktur. 		
			

5.3.15 Godøy skule BOPgo_3

Område og planidentitet	Godøy skule OPgo_3	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	-	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	124/80	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	6,6 daa	Framlegg føremål	Offentlig eller private tenesteyting
Forventa gjennomføring	Usikkert, kommunal regulering.		
Kommunen si vurdering	Framtidig utvidingsareal for skulen.		




Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Området er i all hovudsak fulldyrka jord og nokon små førekomstar av uproduktiv skog og jorddekt fastmark. Landskapsbiletet vil endrast med opparbeiding til skulebehov, bygningar eller uteområde. På grunn av allereie etablert busetnad i vest, vil det danne eit klart skilje mellom bygd areal, og kringliggjande LNF-område.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Avhengig av funksjon og kva utvidingsarealet vert nytta til vil behovet for offentlege eller private tiltak variere. Om det nyttast til nye bygningar, må VA-leidningsnett utvidast.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje relevant.		-	
Naturmangfald	Det er ikkje registrert viktige naturtypar, artar eller liknande i utbyggingsområdet. Like aust ved busetnaden er det registrert førekomst av blåmeis.		X	
Kulturminner	Ingen registrerte kulturminner eller –miljø i eller ved området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller ved området.		X	
Bukvalitet	Ikkje direkte verknadar for bukvaliteten i området.		X	
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Like nord for utbyggingsområdet er det tilknytning til eit samanhengande turvegnett/-område som strekk seg rundt øya på vestsida. Utbygginga medfører ikkje vesentlege verknadar. Parkeringsplass på skulen blir nytta til parkering for dei som nyttar turvegen/fjellet.		X	

ROS	Det er ikkje registrert varsam- eller fareområde i utbyggingsområdet.		X	
Folkehelse	Avhengig av kva utbyggingsområdet vert nytta til, kan det ha ein positiv verknad; auka aktivite, betre læringsmiljø.		X	
Born og unges interesser	Frå barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at fylkesvegen nord for området vert nytta til ulik grad av ferdsel. Rundt utbyggingsområdet finn ein også vinterleikområder og eit problemområde. I sjølve utbyggingsområdet er det registrert eit leike- og opphaldsområde. Avhengig av kva arealet vert nytta til, kan dette ha enten positiv (ved å sikre leikeområdet) eller negativ (nedbygging) verknad.		X	
Teknisk infrastruktur	Det er etablert privat veg/tilkomst frå fylkesvegen, ned mot utbyggingsområdet. Det må etablerast kryss, eventuelt ny tilkomstveg inn til utbyggingsområdet. Ein må etablere middels/store tiltak for å eventuelt kople på VA-leidningsnett. Det vert likevel ikkje fastsatt negativ konsekvens, på bakgrunn av ikkje fastsatt utbygging.		X	
Jordvern	Området omdisponerast frå fulldyrka mark til utbygging.			X
Sosial infrastruktur	Utbygginga kan medføre auka kapasitet og/eller auka areal for leik, aktivitet og opphald.	X		
Transportbehov og klimagassutslapp	Avhengig av arealbruk kan utbygginga føre med seg noko auking i transportbehov. Det kan likevel tenkast at transport til skulen kan skje med mjuk ferdsel eller kollektivtrafikk.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Nedbygging av dyrka mark.			X
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	1	13	2
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Det mest negative for utbyggingsområdet er omdisponering av fulldyrka jord. Om ein kompensere for dette, vil ikkje utbyggingsområdet ha vesentlege negative konsekvensar.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga peikar på at følgjande forhold må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Førekomst av blåmeis - Leike- og opphaldsområdet; sikre eller bygge ned 			

	- Kompensere tap av fulldyrka jord Ein bør regulere utbyggingsområdet saman med tilstøytande område.
Konklusjon	Sikring av framtidig arealbehov for skulen.

5.3.16 Geileneset BABgo_6, BNgo_1c

Område og planidentitet	Geileneset BABgo_6, BNgo_1c	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 90	Dagens føremål	Industri
Gnr./bnr.	124/316	Reguleringsplan	Industri
Arealstørrelse	2,9 daa	Framlegg føremål	Næringsformål, naust
Forventa gjennomføring	Usikkert, truleg privat regulering.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 90: Utvide arealføremål næring mot sjø, i samsvar med faktisk utbygging i området. Syner til A-ref. 23 og 75.</p> <p>Føringar for utbygging: Ved ei eventuell omregulering må dette området blir teke med.</p> <p>A-ref. 23: Arealføremålet i gjeldande plan bør vidareførast, næring. Detaljering som er ønska bør vurderast i samband med detaljregulering av området. Gjeldande reguleringsplan er vedteken 03.02.1998, det kan vere på tide å sjå på planen, dette gjeld blant anna regulerte, men ikkje bygde vegløyningar. Giske kommune har ikkje kapasitet til dette i overskodelag framtid.</p> <p>A-ref .75: Synar til A-ref. 23.</p> <p>Vurdering etter 1. gongs offentleg ettersyn</p> <p>A-ref. 123 Det blir lagt inn areal til 2 naust – breidde på om lag 20 m. Sett av friområde i framlegg til arealdel blir lagt på søraust sida av utvida naustformål, som buffer til næringsområde og tilkomst til fjøra.</p> <p>BABgo_6 er utviding av eksisterande naustområde, inn på areal sett av til næring i arealdel frå 2009. Lagt inn buffer mellom naust og næringsareal med grøntareal til sjø. Justering av formål som er utbyggingsområde, vil ikkje gje noko store konsekvensar for næringsområdet, som blir redusert med om lag 1 daa.</p>		



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet består av jorddekt fastmark og er bygd opp med stein langs sjøkanten. Terrenget er jamt mot tilstøytande område. I forhold til dagens situasjon vil ikkje eventuell utbygging vere veldig synleg i landskapet/påverke landskapet.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er	Ved regulering må vegløyningar vurderast.		X	

nødvendige for gjennomføring				
Sjø, vatn og vassdrag	Heile utbyggingsområdet ligg innanfor 100-metersbeltet og er delvis utbygd.		X	
Naturmangfald	Det er ingen raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved utbyggingsområdet som kjem i konflikt med utbygginga.		X	
Kulturminner	Ingen registrerte kulturminner eller –miljø i sjølve utbyggingsområdet. Like nord er det registrert eit kulturminne med status «Annet SEFRAK-bygg».		X	
Forureining	Ligg innanfor eit større område som er kategorisert som «avløp, tettbebyggelse». Elles ikkje kjende forureiningskjelder.		X	
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftsting og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Utbyggingsområdet ligg delvis innanfor eit område som er kategorisert som eit viktig friluftsområde. Dette må takast omsyn til i vidare detaljplanlegging. Det vurderast likevel som nøytral med tanke på forholdet til null-alternativet (som har industri som føremål).		X	
ROS	Det er estimert ei havstigning på 22 cm fram mot 2050, relativt til år 2000, og utbyggingsområdet er registrert som eit varsområde med tanke på flaum. Det blir sett krav i føresnena om høgde på golv eller krav om å tåle å bli overflødd dersom det blir bygd lågare.		X	
Folkehelse	Det må leggjast til rette for gåande og syklande til og i området.		-	
Born og unges interesser	Nord for utbyggingsområdet er det registrert ein del ferdseil, samt eit trafikkområde og fine stadar. Utbygginga vil ikkje ha verknadar for born og unges interesser.		X	
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomst til utbyggingsområdet. Det er ikkje offentlig avløpsanlegg til området, vann er begrenset, i samband med utbygging av VA aust for området vil dette kome på plass. Eventuell etablering av industriutslepp må godkjennast av fylkesmannen.	X		
Jordvern	Ikkje relevant.		-	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagassutslapp	Vurderast som nøytral. Utbygginga vil føre til noko meir transport og utslepp.			X

Konsekvensar for næringslivet	Framlegg føremål omdisponerar meir areal til næring – positive konsekvensar for næringslivet.	X		
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	2	10	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Ingen vesentlege negative konsekvensar. Framlegg føremål vil ikkje endre dagens situasjon i nemneverdig grad. Positive konsekvensar knytt til næringslivet, og allereie etablert teknisk infrastruktur.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - ROS; flaum - Restriksjonar på bruken av området må vurderast, bandlagt til fiskerirelatert verksemd for heile næringsområdet. - Det må leggjast føringar for kor langt ned mot sjøen det kan byggjast, jamfør føresegn punkt 2.15. Ein bør ved eventuell omregulering sjå Geilevika i samanheng.			
Konklusjon	Utvide området i delvis samsvar med utfylt areal.			

5.3.17 Valkvævegen BGUgo_1 og 2

Område og planidentitet	Valkvævegen GUgo_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref .77	Dagens føremål	Bustad- og friområde
Gnr./bnr.	124/260	Reguleringsplan	Bustad og anlegg for leik
Arealstørrelse	0,9 daa	Framlegg føremål	Grav- og urnelund
Forventa gjennomføring	Usikkert.		
Kommunen si vurdering	A-ref.77: Legge inn framtidig areal til grav-/urnefelt. Redusere parkering austom leikeplass, for å oppretthalde storleiken på leikeplassen.		


Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Terrenget er relativt jamt, og består i all hovudsak av jorddekt fastmark. Det er ikkje registrert verdifulle kulturlandskap, naturtypar eller liknande. Framlegg føremål vil ikkje påverke landskapsbiletet i negativ grad, då det blant anna ligg inntil eit etablert grav- og urnefelt.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ingen tiltak nødvendig.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Utbyggingsområdet ligg på grensa til 100-metersbeltet, areal i strandsona er utbygd.		X	
Naturmangfald	Ingen raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved utbyggingsområdet.		X	
Kulturminner	Det er ikkje registrert kulturminner eller –miljø i eller ved området.		X	
Forureining	Store delar av utbyggingsområdet ligg innanfor gul støysone frå fylkesvegen i aust. Framlegg føremål vil ikkje føre med seg auka forureining.		X	
Bukvalitet	Ingen nemneverdig verknad (sjå oppsummering).		X	
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Det vil bli meir grøntareal som blir vedlikehalde.		X	

ROS	Det er ikkje registrert varsam- eller fareområde i utbyggingsområdet, og det vil vere akseptabelt å bruke heile området til grav- og urnelund.		X	
Folkehelse	Tilrettelegging av framtidig felles grav- og urnefelt, felles møteplass for heile Godøya.		X	
Born og unges interesser	Det er ein del ferdsel langs fylkesvegen, jamfør barnetrakk. Dette vil ikkje bli påverka. Frå gjeldande kommuneplan og reguleringsplan er området avsett til leik. Framlegg føremål kan føre til midlertidig eller permanent tap av dette arealet (dette bør avbøtast i vidare regulering).			X
Teknisk infrastruktur	Det er etablert parkering og tilkomst til hovuddelen av grav- og urnefeltet. Det kan bli behov for opparbeiding av parkeringsplass nord for nytt areal til grav- og urnefelt.		X	
Jordvern	Området består hovudsakelig av jorddekt fastmark, og utbygginga vil ikkje påverke jordvern i nemneverdig grad.		X	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagassutslapp	Det er kollektivtrase langs fylkesvegen, og parkeringsplass for besøkjande.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Ingen verknad for næringslivet.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	0	15	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	<p>Dei viktigaste konsekvensane knyt seg til tap av leikeareal. Dette vil vere negativt for barn og unges interesser. Dette kan derimot avbøtast i vidare regulering. Elles er dei fleste tema vurdert nøytrale. Bukvalitet er ikkje direkte relevant, men kan påverka eksisterande busetnad vest inntil utbyggingsområdet. Det kan vere aktuelt å opprette et buffer mellom grav- og urnelund og busetnaden.</p>			
Oppfølgingsbehov ved regulering	<p>Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Konsekvensar av støy frå fylkesvegen og eventuelt avbøtande tiltak - Tilpassing til eksisterande busetnad (bl.a. bukvalitet) - Sikre storleiken på leikearealet/parkeringsareal 			

	- Behov for nye vegar eller gangvegar
Konklusjon	Viktig å vidareføre felles grav- og urnefelt for heile Godøya på ein plass.

5.3.18 Alnes BKBgo_1, BKBgo_3 og BKBgo_4

Område og planidentitet	Alnes BAgo_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 118	Dagens føremål	Naust, vegareal, bygning med særskilt allmennyttig formål, og LNF
Gnr./bnr.	126/46, 47, 61, 85, 96, 97, 99, 107, 108, 129, 134, 144, 165, 166, 174, 175, 176, 252, 255 og 259	Reguleringsplan	Boliger, naust, forretning og parkering
Arealstørrelse	BKBgo_1: 44,2 daa BKBgo_3: 5,3 daa BKBgo_4: 3,5 daa TIgo_2: 0,3 daa	Framlegg føremål	Kombinert bebyggelse og anleggsformål med føremål: BKBgo_1:- bustad, uteopphaldsareal, næring, fritids- og turistformål BKBgo_3: forretning, lager, kontor og naust BKBgo_4: forretning, lager, kontor, næring, fritids- og turistformål TIgo_2: Renovasjon - slamavskiljar
Forventa gjennomføring	Oppstart etter vedtak av ny arealdel, truleg regulering i kommunal regi		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 118: Bustad: Området ligg aust for detaljplan Ny Alnes nord, mellom eksisterande/regulert busetnad. Området ligg utanfor kjerneområde landbruk, delvis innanfor 100 m-beltet i strandsona. Mogleg område for nye bueingar, næringsutvikling og naust på Alnes.</p> <p>Føringar for utbygging: Heile området frå detaljplan Ny Alnes nord og sørover til bedehuset bør detaljregulerast samtidig. Det bør leggjast til rette for frittliggande einebustadar.</p> <p>Parkering: Mellombels parkering i område som er parsellert ut til nausttomter. Vurdert som betre å bruke opparbeidd areal vest for småbåthamna til parkering.</p> <p>Naust: Leggje ut eksisterande naust område til naust føremål.</p> <p>Føringar for utbygging: Naust område må ikkje kome i konflikt med regulert vegløyising. Avklaring med Kystverket om bruken av området.</p> <p>Park/leik/båtopptrekk: Noverande arealdel er hamn og erverv. Felles bruk av dette området til omsøkt bruk bør leggjast inn, eventuelt med eksklusivt stripeareal for båtopptrekk.</p>		

	<p>Føringar for utbygging: Avklaring med kystverket om bruken av området, sjå området heilskapleg ved detaljregulering.</p> <p>A-ref. 170: Etter innspel frå kystverket er det gjort framlegg om endringar av formål i hamna; BKBgo_3 og BKB_4.</p>
--	--



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Ligg i strandsona, med fiskerihamn mot nordaust. Godøyfjellet mot sør. Dette er området for den eldste byggeskikken på Alnes tilbake til rundt midten av 1800-talet. Med nyare busetnad spreidd i området. Området blir kalla Alnesgard, organisert som klyngjetun. Mot aust ligg fleire rekkjer med naust av ulik alder. Hamna på Alnes er fiskerihamn, kommunen ønskjer vidareføring av hamna som fiskerihamn.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Det er under prosjektering nytt VA-anlegg, snart start på utbygging.	X		
Sjø, vatn og vassdrag	Området ligg sjønært, grensar til Alnes hamn. Heile strandsona er i hovudsak utbygd/lagt til rette for utbygging		X	
Naturmangfald	Det er registrert viktige naturtype naturbeitemark ved området, det er registrert sårbar og truga artar i og ved området. Heile Alnes er registrert som nasjonalt viktig kulturlandskap.		X	
Kulturminner	Det ligg mange SEFRAK-bygg innanfor området, det er registrert automatisk freda kulturminne nordvest for området.		X	
Forureining	Det er ikkje kjend forureining frå området, utover avløp. Det blir snart bygd ut offentleg avløp med reinsing.	X		
Bukvalitet	Vidareføring av dagens bustadområde, leggje til rette for fleire bustadar i nord. Dagens kvalitetar som bustadområde å vidareførast. Tilrettelegging for endra bruka av uthus.		X	
Friluftinteresser og tilgjenge til	Rundt området er eit mykje nytta område til friluftsliv, både fjøre og fjell. Tursti til fjellet gjennom området blir lagt om med sti frå Vindsneset. Opparbeidd parkering	X		

grønstruktur eller friområde	ved Vindsneset for å redusere trafikken gjennom området.			
ROS	Delar av området ligg innanfor sone 5000 års skred. Det er mange SEFRAK-bygg og kulturminne som det må takast omsyn til. Trafikk langs fylkesvegen må takast omsyn til, støy og trafikkfare.		X	
Folkehelse	Dagens kvalitetar i området må takast vare på og leggje til rette for utvikling av området for å sikre møteplassar, grøntområde og leikeplassar.		X	
Born og unges interesser	Fleire registreringar i barnetrakk, vinterbruk, turveg og liker områder. Barnehagen nyttar areal ved planområdet. Mykje registert bruk utanfor området, skule, molo og Sandvika.		X	
Teknisk infrastruktur	Vegstruktur er etablert, dimensjonering må vurderast i samband med regulering. Det blir snart bygd ut offentleg avløp med reinsing.	X		
Jordvern	Nordleg del av området er nytta som landbruksareal, blir omdisponert til utbyggingsformål. Dårleg arrondering, mellom bustadområde. Husa til gardane på Alnes ligg innanfor området.			X
Sosial infrastruktur	Det blir lagt opp til noko fleire bueiningar, vil få liten konsekvens for kapasitet for barnehage og skule. Barneskule ligg i området.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig verknadar for transportbehov og klimagassutslepp.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Det blir lagt opp til småskala næringsverksemd innanfor områda	X		
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.		X	


Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	5	10	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Mange SEFRAK-bygg som må takast vare på, sikre automatisk freda kulturminne. Noko LNF-areal blir omdisponerast. Barn og unge sine interesser. Tilrettelegging med kombinasjonsformål med blant anna næring, for blant anna å kunne nytte uthus på ny måte.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Oppfølgingsbehov ved regulering: <ul style="list-style-type: none"> - Tilpassing til eksisterande busetnad - Høgspontanlegg (kartlegge, vurdere og eventuelt avbøte) - Skredvurdering - Sikre barn og unge sine interesser 			

	- Ein bør regulere utbyggingsområdet saman med tilstøytande område Bgo_11, OPgo_4 og Ngo_2.
Konklusjon	Leggje til rette for å sikre området sine bygningsmessige kvalitetar, men med eventuelt anna bruk og leggje til rette for nye bueningar i nordre del av området.

5.3.19 Sandneset-Furkenholmen Hgo_1, SHgo_3, BFRgo_1 og BFTgo_1

Område og planidentitet	Sandneset-Furkenholmen BFRgo_1, BFTgo_1 og SHgo_3	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



Saksarkiv Websak	A-ref. 153, 241	Dagens føremål	Havn, næring og veg
Gnr./bnr.	-	Reguleringsplan	Hamn, veg og næringsareal
Arealstørrelse	VFEgo_45 daa VHSgo_1b:3,8 daa BFRgo_1: 2,8 daa BFTgo_1: 16 daa	Framlegg føremål	VFEgo_1: hamn VHSgo_1b: molo BFRgo_1: rorbu BFRgo_1: fritids- og turistformål
Forventa gjennomføring	Usikkert.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref 241: Framlegg om å leggje inn hamneområdet i Valkvæhamna, med moglegheit for å kunne byggje ny molo frå Furkenholmen og sørover (VHSgo_1b). Valkvæhamna er fiskerihamn, kommunen ønskjer at denne fiskerihamna blir avvikla.</p> <p>Vurdering etter 1. gongs offentleg ettersyn:</p> <p>A-ref. 153: Justere areal i framlegg til plan, meir turisme og rorbuområde for kommunal grunn</p>		




Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Største delen av utbyggingsområdet ligg sjø, mindre del på Furkenholmen. Det er ikkje registrert verdifulle kulturlandskap eller liknande. Utbygging vil ikkje påverke landskapsbiletet i stor grad (molo, terreng tilpassa hytter og rorbuer).		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	VA-leidning til Furkenholmen. .		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Størstedelen av utbyggingsområdet ligg i sjø. Utbygging av ein molo vil ikkje ha nemneverdige verknadar landskapsmessig. Det blir lagt opp til utbygging i strandsona på Furkenholmen, vidareføring av utbyggingsområde i arealdelen frå 2009.		X	
Naturmangfald	Det er ikkje registrert viktige naturtypar, artar eller liknande i utbyggingsområdet. Naturmangfaldet vil		X	

	ikkje bli påverka utover det som alt ligg inne som utbyggingsområde i arealdelen frå 2009.			
Kulturminner	Ikkje registrert kulturminner i eller tilstøytande til utbyggingsområdet.		X	
Forureining	Det er ikkje kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet, og utbygging vil ikkje medføre auka forureining. I samband med regulering må det setjast krav slik at vedlikehald av båtar i småbåthamna blir gjort slik at olje eller anna forureining blir samla opp og deponert. Det må setjast krav til offentleg tilknytning av utløp for nye bygg.		X	
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftsinnteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Nordleg del av Furkenholmen er registrert som svært viktig friluftsområde. Utbygginga vil medføre sikrere ferdsel i hamna. Bruk av Furkenholmen til turisme/orbuer vil kunne privatisere delar av området.	X		
ROS	Det er estimert en havstigning på 22 cm fram mot 2050, relativt til år 2000, og utbyggingsområdet er registrert som eit varsamheitsområde med tanke på flaum. Det blir sett krav i føresegnene om høgde på golv eller krav om å tåle å bli overflødd dersom det blir bygd lågare.		X	
Folkehelse	Ny molo kan bli ny fiskeplass lett tilgjengeleg. Utbygging av Furkenholmen til turisme vil kunne privatisere delar av denne.		X	
Born og unges interesser	Frå barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at delar av området er kategorisert som eit badeområde. Ein liten del i vest (ved båtar/brygge) er også kategorisert som eit problemområde. Ved bygging av molo vil det vere viktig å ta omsyn til badeområdet.		X	
Teknisk infrastruktur	Tilkomst er allereie etablert. Utbygging av Furkenholmen vil medføre behov for ny VA-leidning. Avløpsanlegg er overbelasta, sannsynligvis frå feilkoplingar.		X	
Jordvern	Ikkje relevant.		-	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagassutslepp	Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig verknadar for transportbehov og klimagassutslepp.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Molo vil vere positivt for eksisterande næringsverksemd. Utvikling av Furkenholmen kan skape ny næringsverksemd.		X	

Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Delar av området er relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17. Bygningar oppe på Furkenholmen vil vere utfordrande å stette UU/tilgjenge utan spesielle terreng og byggtkniske tiltak		X	
--	--	--	---	--

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	1	13	0
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Det er ikkje lagt opp til store byggetiltak. Dei fleste konsekvensane vert vurdert nøytrale. Det positive med utbygginga er at moloen kan auka sikkerheita for ferdsel i hamna. Bygging på Furkenholmen kan føre til privatisering.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga peikar på at følgjande forhold må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Tilpassing/omsyn til badeområdet - Utbetring av problemområde (jf. barnetrakk) - Utforming og konsekvensar av molo - Terreng tilpassa utbygging på Furkenholmen 			
Konklusjon	Næringsutvikling.			

5.3.20 Jussmarka SPAgO_1

Område og planidentitet	Jussmarka SPAgO_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		

Saksarkiv Websak	A-ref. 137-1	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	125/4	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	0,9 daa	Framlegg føremål	Parkering
Forventa gjennomføring	2017		
Kommunen si vurdering	A-ref. 137-1: Framtidig turveg vil ha behov for parkeringsplassar, og for turområdet vestover langs strandsona bør det også bli tilrettelagt for parkering med denne parkeringsplassen. Det er på gang regulering av parkeringsplass lenger aust, der turveg til fjellet byrjar.		





Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet består i all hovudsak av jorddekt fastmark. Det er ikkje registrert verdifulle kulturlandskap eller liknande. Terrenget har ei slak helling mot sør. Utbygginga vil ikkje påverke landskapsbiletet i nemneverdig grad. Bakkeparkering, tilpassa til kringliggjande skog, vil ikkje vere særleg synleg i landskapet.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ingen kjende behov.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ligg ikkje innanfor eller tilstøytande til 100-metersbeltet.		X	
Naturmangfald	I tilstøytande område i nord er det registrert eit større viltområde for hjort. Ei utbygging vil generelt vere noko negativ. På grunn av storleiken på utbygginga, samt at det allereie er mykje ferdsel i området (sjå friluftsliv under), vurderast konsekvensane for naturmangfaldet til nøytral.		X	
Kulturminner	Ingen kulturminner eller –miljø i sjølve utbyggingsområdet. Tilstøytande i vest er det registrert eit større område med automatisk freda kulturminne.		X	

Forureining	Det er ikkje kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet. Utbygginga av parkering, saman med etablering av turveg, vil kunne auke forureiningsnivået noko med tanke på biltransport, med krev ikkje store tiltak for å avbøtast.		X	
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Omdisponering i seg sjølv er ikkje positiv. Likevel, sidan utbyggingsområdet ligg inntil eit svært viktig friluftsområde og turveg er planlagt, vil det ha positive konsekvensar - parkeringa vil auke tilgjenga til friluftsområdet. Vil kunne avlaste tilkom sti til fjellet lenger aust for parkering.	X		
ROS	Utbyggingsområdet ligg innanfor eit større område som er kategorisert som eit varsamområde for snø- og steinskred. Frå vurderinga vil det vere akseptabelt å bruke området til parkering.		X	
Folkehelse	Utbygginga vil ha positive verknadar for folkehelse. Auka tilrettelegging vil kunne føre med seg auka bruk og ferdsel i tilstøytande friluftsområde.	X		
Born og unges interesser	Frå barnetrakk kan ein sjå at det er ein del til mykje ferdsel langs fylkesvegen. Vest for området (kulturminne) er det registrert eit område for vinterleik. Utbygginga av parkeringsplass vil kunne føre til noko tap av areal (auka tilrettelegging vurderast som avbøtande mot dette). Sving på fylkesvegen vest for området er markert som utsett trafikkområde.		X	
Teknisk infrastruktur	For utbygginga vil det vere nødvendig å etablere ny avkjørsel frå fylkesvegen.		X	
Jordvern	Parkering blir lagt i plantefelt, nedbygging av skogsområde			X
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagassutslapp	Utbygginga vil kunne medføre noko auka transport, men vil også legge til rette for auka tilgjenge. Konsekvens vurderast til nøytral.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Liten verknad for næringslivet.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	2	10	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga vil medføre positive konsekvensar som knyt seg til auka tilrettelegging og tilgjenge – folkehelse, barn og unge, friluftinteresser. Det kan oppstå noko konflikt mellom vinterleik og parkering. Dette bør kartleggjast			

	nærmare, angåande nøyaktig plassering av parkeringsplassen. Reduksjon av produksjonsskog.
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga peikar på at følgjande forhold må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Tilpassing/omsyn til kulturminner vest for utbyggingsområdet - Vurdere vinterleikområde mot plassering av parkering
Konklusjon	Tilrettelegging for friluftsliv.

5.3.21 Hestvika SPago_3

Område og planidentitet	Hestvika SPago_3	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		

Saksarkiv Websak		Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	126/8, 10, 11, 26 og 242	Reguleringsplan	Regulert til parkering, veg, annan veggrunn og grønstruktur
Arealstørrelse	0,9 daa	Framlegg føremål	Parkering
Forventa gjennomføring	Usikkert		
Kommunen si vurdering	Framtidig behov for parkeringsplassar for å redusere mest mogleg trafikk vidare nordover og til dei som skal på tur i området.		



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet består i all hovudsak av jorddekt fastmark. Området ligg innanfor verdifullt kulturlandskap. Terrenget har helling mot nord, nord aust.. Utbygginga vil påverke landskapsbiletet i noko grad, då terrenget må fyllast opp. Parkering vil ikkje vere særleg synleg i landskapet.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ingen kjende behov.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ligg innanfor 100-metersbeltet i strandsona. Utbygging vil vere synleg frå sjøen på grunn av behov for fylling for å kunne utvide eksisterande parkeringsplass. Ikkje fylling i sjø.			X
Naturmangfald	Området ligg innanfor heilskapleg kulturlandskap. Det ligg i utkanten av viktig naturtype naturbeitemark. Sør for området er det artar av særleg stor forvaltningsinteresse.		X	
Kulturminner	Det er ikkje registrert kulturminner eller –miljø i sjølve utbyggingsområdet eller ved.		X	
Forureining	Det er ikkje kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet. Utbygginga av parkering vil kunne auke forureiningsnivået noko med tanke på biltransport, med krev ikkje store tiltak for å avbøtast.		X	
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	

Friluftstiltak og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Omdisponering i seg sjølv er ikkje positiv. Likevel, sidan utbyggingsområdet ligg inntil eit svært viktig friluftsområde og ferdselsområde (Alnes), vil det ha positive konsekvensar - parkeringa vil auke tilgjenge til friluftsområdet og vere med på å redusere bilbruken til fyret.	X		
ROS	Utbyggingsområdet ligg innanfor eit større område som er kategorisert som eit varsamområde for snø- og steinskred. Frå vurderinga vil det vere akseptabelt å bruke området til parkering.		X	
Folkehelse	Utbygginga vil ha positive verknadar for folkehelse. Auka tilrettelegging vil kunne føre med seg auka bruk og ferdsel i tilstøytande friluftsområde og ferdeselsområde.	X		
Born og unges interesser	Frå barnetrakk kan ein sjå at det er ein del til mykje ferdsel langs fylkesvegen. For gamle vegen er det også registrert mykje bruk. Utviding av parkeringsplassen vil ikkje kome i konflikt med born og unge sine interesser.		X	
Teknisk infrastruktur	Ikkje noko særleg behov.		X	
Jordvern	Området ligg som LNF, men har ikkje noko spesiell verdi som landbruksareal.		X	
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Utbygginga vil kunne medføre noko auka transport, men vil også legge til rette for auka tilgjenge. Konsekvens vurderast til nøytral.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Liten verknad for næringslivet.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	3	11	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga vil medføre seg positive konsekvensar som knyt seg til auka tilrettelegging og tilgjenge – folkehelse, barn og unge, friluftstiltak.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga peikar på at følgjande forhold må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Tilpassing/omsyn av utfylling/skråning - Avbøtande tiltak for å redusere inngrep 			

Konklusjon	Tilrettelegging for friluftsliv og redusere motorisert ferdsel til Alnes fyr.

5.3.2 Paulsneset SHgo_1, gang-og sykkelveg langs fylkesvegen

Område og planidentitet	Paulsneset SHgo_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 74, 106 og 137_6	Dagens føremål	Delvis ikkje føremål, naust og fritidsbebyggelse.
Gnr./bnr.	124/13, 17, 88, 333 og 550	Reguleringsplan	Delvis ikkje regulert og landbruksområde
Arealstørrelse	28,6 daa	Framlegg føremål	Småbåthavn
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering for småbåthavn, kommunal regulering av gang- og sykkelveg.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 74, føringar for utbygging: Hamneområde vest for Geilevika blir lagt inn – heile arealet bak omsøkt hamneområde ligg i dag som naustføremål i arealdelen. Området ligg ikkje i konflikt med kjerneområde landbruk. Området ligg delvis i 100 m-beltet i strandsona.</p> <p>A-ref. 106: Hamneområde vest for Geilevika blir lagt inn – heile arealet bak omsøkt hamneområde ligg i dag som naustføremål i arealdelen. Området ligg ikkje i konflikt med kjerneområde landbruk. Området ligg delvis i 100 m-beltet i strandsona.</p> <p>Føringar for utbygging: Ved detaljregulering bør ein sjå både naust om hamneområdet i samanheng. Ved detaljregulering av hamn må det gjerast trafikale-, miljø-, biologiske- og bygningstekniske (storleik naust, moloar, massebalanse osv.) vurderingar. Sikre fri ferdsel i strandsona. Syner til A-ref 74.</p> <p>A-ref. 137_6: Syner til A-ref. 74.</p> <p>Vurdering etter 1. gong offentleg ettersyn: A-ref. 141: Fylkesmannen hadde motsegn til SHgo_1. For å kome motsegn i møte er SHgo_1 vestleg del redusert.</p>		


Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Området er sjø og strandsona med jorddekt fastmark. Molo vil liggje lågt i terrenget og vil ikkje påvereke landskapsbiletet i noko særleg grad. Gang- og sykkelvegen blir lagt langs fylkesvegen og vil ikkje endre landskapsbiletet i noko særleg grad.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er	Eksisterande avkøyrsløse frå fylkesvegen må nyttast.		X	

nødvendige for gjennomføring				
Sjø, vatn og vassdrag	Omtrent heile utbyggingsområdet ligg i sjø. Utbygginga vil legge til rette for auka bruk av småbåthamner, samt naust (tilstøytande i nord).	X		
Naturmangfald	Ingen registrert viktige naturtypar, artar eller liknande.		X	
Kulturminner	Ikkje registrerte kulturminner eller –miljø i eller ved utbyggingsområdet.		X	
Forureining	Det er ingen kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet. Nærmaste kjelde er fylkesvegen som har gul støysone. Dette vil truleg ikkje kome å konflikt småbåthamna. I samband med regulering må det setjast krav slik at vedlikehald av båtar i småbåthamna blir gjort slik at olje eller anna forureining blir samla opp og deponert. Det er privat utslipp i havnebassenget.		X	
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Området ligg innanfor eit større område som er kategorisert som eit viktig friluftsområde. Dette må takast omsyn til ved utbygging. Det vert likevel vurdert som nøytral (det vil vere krav i detaljregulering om å ivareta fri ferdsel). Gang- og sykkelveg langs fylkesvegen vil gje tryggare ferdsel langs vegen.		X	
ROS	Det er estimert en havstigning på 22 cm fram mot 2050, relativt til år 2000, og utbyggingsområdet er registrert som eit varsamheitsområde med tanke på flaum. Frå vurderinga vil det vere akseptabelt å bruke området til småbåthamn. Det blir sett krav i føresegnene om høgde på golv eller krav om å tåle å bli overflødd dersom det blir bygd lågare.		X	
Folkehelse	Utbygginga vil, om det takast omsyn til friluftinteresser og born og unges interesser, ikkje ha nemneverdige negative verknadar for folkehelse.		X	
Born og unges interesser	Frå barnetrakk kan ein sjå at det er ein del til mykje ferdsel langs fylkesvegen. Sjølve utbyggingsområdet er kategorisert som eit to-delt badeområde. Ved regulering må dette takast omsyn til, og potensielt kan verknadane vere positive om ein sikrar og/eller lettar tilgjenge/tilrettelegging badeområde.	X		
Teknisk infrastruktur	Det vil ikkje krevje store tiltak for å etablere tilkomst til utbyggingsområdet, då avkjørslar og liknande allereie er delvis etablert. Større tiltak å byggje ut gang- og sykkelveg lang fylkesvegen frå Geilevika til Dyp.	X		

Jordvern	Stripe langs fylkesvegen må omdisponerast for å kunne byggje gang- og sykkelveg. Det må vurderast løysingar som byggjer ned minst jordbruksareal.		-	
Sosial infrastruktur	Gang- og sykkelveg vil gje tryggare skuleveg.		-	
Transportbehov og klimagassutslipp	Utbygginga vil kunne medføre noko auka transport, men vil også legge til rette for auka tilgjenge. Konsekvens vurderast til nøytral. Gang- og sykkelveg vil leggje til rette for tryggare mjuk ferdsel, og gjere det enklare å nytte ikkje motorisert transport.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Gang- og sykkelveg vil gjere det tryggare for ferdsel med landbruksmaskiner og store køyretøy.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17. Det bør vurderast tilrettelegging i småbåthamna/fiskeplassar på molo for rørslehemma.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	3	10	0
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga <u>kan</u> få negative verknadar, utover det som er vurdert i denne konsekvensutgreiinga. Det er likevel vurdert som nøytralt/positivt på alle tema, då potensielt negative verknadar bør kunne avbøtast gjennom vidare regulering (sjå oppfølgingsbehov under). Elles er dei positive konsekvensane hovudsakeleg knytt til sjø – med tanke på barn og unges interesser og auka bruk.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga peikar på at følgjande forhold må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Trafikale-, miljø-, biologiske- og bygningstekniske forhold/vurderingar - Sikring av ferdsel i strandsona (sjå tema friluftinteresser) - Sikring av badeområde - Omdisponering av landbruksjord Bør regulere området saman med tilstøytande naustområde.			
Konklusjon	Trygging av skuleveg og tilrettelegging for rekreasjon.			

5.3.23 Valkvæ Bgo_13

Område og planidentitet	Valkvæ Bgo_13	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		




Saksarkiv Websak	A-ref. 50	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	124/53 og 194	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	1 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	Framlegg om å DELVIS leggje inn i ny plan Frå delt tomt blir lagt inn som bustadformål. Våningshus og ikkje bygd ut areal blir vidareført som LNF, tilkomst til landbruksarealet og hus knytt til landbruket. Kommunen bør ikkje leggje opp til frå deling av våningshus på landbruks-eigedomar.		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Det ligg spreidd busetnad i området, grensar til større samanhengande landbruksareal. Terrenget stig mot aust, men i området er det relativt flatt. Området er bygd ut. Eksisterande busetnad dannar skilje til kringliggande landskap.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Det er etablert tilkomst til område. Det ligg VA-leidningsnett i området til eksisterande busetnad.	X		
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje relevant.		-	
Naturmangfald	Det er ikkje registrert raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved området.		X	
Kulturminner	Ikkje registrert kulturminner eller –miljø i eller ved området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller ved området.		X	
Bukvalitet	Planformalisering av eksisterande frittliggande einbustadar, vidareføring av dagens kvalitetar.		X	
Friluftstiltak og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Utbyggingsområdet har ikkje direkte tilknytning til friluftslivområde, men det er likevel korte avstandar forskjellige friluftsområde, fjøre og fjell.		X	
ROS	Bustadhuset ligg inntil gul støysone for vegstøy.		X	
Folkehelse	Vurdert som positiv verknad, på bakgrunn av relativt god tilgjenge til friluftsliv, samanhengande gang- og		X	

	sykkelvegnett, gå avstand til butikk. Vegstøy kan vere negativt for området..			
Born og unges interesser	Gang- og sykkelveg aust for området blir nytta av barnehage. Ikkje registreringar inne på området.		X	
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomst til fylkesveg frå området. Området er knytt til offentleg VA-leidningsnett.	X		
Jordvern	Området består i all hovudsak av jorddekt fastmark, og grensar til fulldyrka jord. Tomta er delt frå og tilleggareal til tomta vil ikkje medføre noko særlege negative konsekvensar for landbruket.		X	
Sosial infrastruktur	Vil ikkje påverke skule, barnehage og sjukeheim i nemneverdig grad. Låge avstandar til dei tre nemnde funksjonane.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	God tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og sjukeheim. Kollektivtrase langs fylkesvegen, rett sør for området. Kan tenkast at det vert relativt lite bilbasert, tatt tilgjenge til friluftsliv også i betraktning.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Liten negativ verknad for landbruk.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	3	13	0
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Omdisponering vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar. Det er etablert spreidd busetnad i utbyggingsområdet per i dag, og framlegg til føremål opnar ikkje for å etablere nye bustadar i området.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: - Tilpassing til eksisterande busetnad			
Konklusjon	Planformalisering av eksisterande bustad.			

5.3.24 Negardvegen Bgo_14

Område og planidentitet	Negardvegen Bgo_14	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 110	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	Del av 124/19, 89 og 177	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	4,4 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Det er starta opp privat regulering.		
Kommunen si vurdering	Framlegg om å leggje inn i ny plan Ligg innanfor kjerneområde landbruk, vil få store konsekvensar for jordbruksteigen. Området er delvis utbygd, i framlegg til strategi for fortetting ligg delar av området som fortettingsområde.		



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Det ligg spreidd busetnad i utbyggingsområdet. Mellom bustadane er det jorddekt fastmark. Det er ikkje registrert verdifullt kulturlandskap, naturtypar eller liknande. Terrenget har helling stigning mot aust, men er relativt jamt. Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig verknad på landskapet, sidan området ligg framfor og under større samanhengande bustadområdet.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Det er etablert avkøyrslar frå fylkesvegen som må nyttast til utbyggingsområdet. Det er VA-leidningsnett i området til eksisterande busetnad. I samband med regulering må det utarbeidast teknisk forprosjekt.	X		
Sjø, vatn og vassdrag	Området ligg innanfor 100 m-beltet i strandsona. Det vil vere ein buffer på om lag 50 m mellom utbyggingsområde og fjøre.			X
Naturmangfald	Det er ikkje registrert raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved området.		X	
Kulturminner	Ikkje registrert kulturminner i området. Det ligg automatisk freda kulturminne nord for området. Liten konflikt etter justering av formålet.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller ved området, bortsett frå spillvassleidning til sjø sør for området.		X	
Bukvalitet	Ikkje utbygd område der planlegging av området vil ha konsekvensar for bukvaliteten. Austvendt, med kveldsol. Delevis skjerma mot ver og vind.		X	

Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Kort veg til fjøre, samanhengande gang- og sykkelnett og gå avstand tilkomst fjellet. Det bør leggast til rette for snarveggar internt i feltet for å leggje til rette for gåande.		X	
ROS	Det er ikkje registrert varsam- eller fareområde i utbyggingsområdet, og det vil vere akseptabelt å bruke området til busetnad.		X	
Folkehelse	Vurdert som positiv verknad, på bakgrunn av relativt god tilgjenge til friluftslivområde, knytt til samanhengande gang- og sykkelnett, utsikt, relativt kort veg til skule og idrettsanlegg. Må gjere avbøtande tiltak mot støy.		X	
Born og unges interesser	Frå barnetrakk kan ein sjå at vegar nyttast til ein del ferdsel ned til strandsona, til aktivitetsområde ved naust. Utbygginga vil ikkje påverke born og unges interesse i nemneverdig grad. Det må setjast av tilstrekkeleg med leikeareal.		X	
Teknisk infrastruktur	Det er etablert avkøyrslar frå fylkesvegen til heile utbyggingsområdet, eksisterande og nytt. VA-leidningsnett er også etablert for eksisterande busetnad i området. Det må prosjekterast løysingar for teknisk infrastruktur for heile området.		X	
Jordvern	Omdisponering vil medføre dårleg arrondering (smal teig) av landbruksarealet, ikkje nytt bart til effektiv maskinell bruk. Det må sikrast tilkomst til igjen verande landbruksareal. Dagens tilkomst ligg i bustadformål.			X
Sosial infrastruktur	Utbygging vil påverke skule, barnehage og sjukeheim i nemneverdig grad. Låge avstandar til dei tre nemnde funksjonane.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	God tilgjengelegheit til funksjonar som skule, barnehage og sjukeheim. Kollektivtrase langs fylkesvegen vest for utbyggingsområdet.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Nedbygging av landbruksareal, truleg vil heile teigen ikkje bli nytta i framtida på grunn av dårleg arrondering.			X
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17. Tilkomst til området frå fylkesvegen vil vere utfordrande med stigningsforholda i området.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	2	12	3
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar, bortsett frå for landbruket. Det er etablert spreidd busetnad i utbyggingsområdet per i dag, og			

	framlegg til føremål opnar for å etablere nye bustadar på hovudsakleg landbruksareal og i 100-m beltet til strandsona.
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Tilkomst frå fylkesveg, stigningsforhold. - Krav om leikeareal
Konklusjon	Omdisponering av landbruksjord, utbygging i 100 m-beltet i strandsona, utviding av eksisterande bustadområde.

5.3.25 Juv Bgo_15

Område og planidentitet	Juv Bgo_15	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 3	Dagens føremål	LNf
Gnr./bnr.	Del av 125/2, 75 og 83	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	4,4 daa	Framlegg føremål	Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering		
Kommunen si vurdering	Framlegg om å leggje inn i ny plan Området ligg ikkje som kjerneområde landbruk. Området har dårleg arrondering mellom bustadhus og fylkesvegen. Det er mindre areal som er ønska omdisponert. For eigedomen gnr./bnr. 125/2 er det ikkje driftsbygningar. Bustadar kring omsøkt parsell er lagt inn som bustadformål, totalt bustadareal er på om lag 8,5 daa..		




Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Det ligg spreidd busetnad i utbyggingsområdet. Mellom bustadane er det jorddekt fastmark. Det er ikkje registrert verdifullt kulturlandskap, naturtypar eller liknande. Terrenget har helling mot sør, men er relativt jamt. Utbygginga vil ikkje ha nemneverdig verknad på landskapet, sidan det er bygd kring det aktuelle området.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Det er etablert avkøyrslar frå fylkesvegen som må nyttast. Området er delvis utbygd med VA-leidningsnett til eksisterande busetnad. I samband med regulering må det utarbeidast teknisk forprosjekt.	X		
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje relevant.		-	
Naturmangfald	Det er ikkje registrert raudlista artar eller viktige naturtypar i eller ved området.		X	
Kulturminner	Ikkje registrert kulturminner i området.		X	
Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller ved området.		X	
Bukvalitet	Delvis utbygd område med ubygde tomter inne mellom utbygd areal. Søraustvendt, med lite sein kveldsol. Delevis skjerma mot ver og vind.		X	
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Kort veg til fjell og fjøre. Fylkesveg med relativt lite trafikk.		X	

ROS	Det er registrert varsam- eller fareområde i utbyggingsområdet, skred. Delar av området ligg innanfor 1000 års skred. Det må gjennomførast geoteknisk vurdering i samband med regulering av området.			X
Folkehelse	Vurdert som positiv verknad, på bakgrunn av god tilgjenge til friluftslivområde, fjell og fjøre. Må gjere vurderingar knytt til mogleg skredfare. God utsikt, lite trafikk på fylkesvegen.		X	
Born og unges interesser	Frå barnetrakk kan ein sjå at området er viktig for tilkomst til fjellet. Det er lagt til rette for ny tilkomst aust for området. Utbygginga vil ikkje påverke born og unges interesse i nemneverdig grad. Det må setjast av tilstrekkeleg med leikeareal.		X	
Teknisk infrastruktur	Det er to avkøyrslar frå fylkesvegen utbyggingsområdet. Det er ikkje ønskeleg med nye avkøyrslar til fylkesvegen, eksisterande bør nyttast. VA-leidningsnett er delvis etablert for eksisterande busetnad i området. Det må prosjekterast løysingar for teknisk infrastruktur for heile området.		X	
Jordvern	Omdisponering vil medføre at eit lite landbruksareal blir nedbygd. Området er ikkje med i kjerneområde landbruk. Området ligg med busetnad på tre sider.			X
Sosial infrastruktur	Utbygging vil ikkje påverke skule, barnehage og sjukeheim i nemneverdig grad.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Kollektivtrase langs fylkesvegen sør for området. Avhengig av bil for å kome til funksjonar.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Nedbygging av landbruksareal, om lag 2 daa dyrka jord. Små konsekvensar.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17..		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	2	12	2
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Utbygginga vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar, bortsett frå for landbruket. Det er etablert spreidd busetnad i utbyggingsområdet per i dag, og framlegg til føremål opnar for å etablere nye bustadar på hovudsakleg landbruksareal.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare:			

	<ul style="list-style-type: none"> - Tilkomst frå fylkesveg, stigningsforhold. - Krav om leikeareal - Krav om geoteknisk vurdering av skred
Konklusjon	Omdisponerng av landbruksjord og utviding av eksisterande bustadområde.

5.3.26 Hammaren BRUgo_1

Område og planidentitet	Hammaren BRUgo_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref 178_1 og 178_2	Dagens foremål	LNF
Gnr./bnr.	126/1, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11 og 12	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	19,3 daa	Framlegg foremål	Råstoffutvinning
Forventa gjennomføring	Usikkert.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref 178-1 og 2 (oppstart): Ein eller nokre av desse lokalitetane må bli lagt inn i arealdelen. Lokalitet 1 og 2 er truleg dei minst utfordrande, langt til næraste nabo og tilkomst til Valkvæ med gamle vegen.</p> <p>Føringar for utbygging: Det må settast krav om omfang/tilbakeføring ved detaljregulering.</p>		




Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet er urørt, og består i av skrinne fastmark (open fastmark med fjell, blokkmark eller grunnlendt). Terrenget ligg mot, og ligg inntil fjellside i sør. Tiltaket vil vere synleg.			X
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ingen kjende behov.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Store delar av området ligg innanfor 100-metersbeltet. Det føreligg ikkje naust eller liknande i området, så utbygginga vil ikkje direkte senke bruk og aktivitet i strandsona. Det vurderast likevel som negativt.			X
Naturmangfald	Delar av utbyggingsområdet kjem i konflikt med eit naturområde som er kategorisert som eit viktig naturtypeområde (DOK). Det er elles registrert førekomstar av artar som er kategorisert nær truga, livskraftig og svært høg risiko, både i og ved utbyggingsområdet.			X
Kulturminner	Ingen registrert kulturminner eller –miljø i eller ved området.		X	

Forureining	Ingen kjende forureiningskjelder i eller ved utbyggingsområdet. Avklaring støy og eventuell avrenning i samband med regulering.		X	
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Delar av utbyggingsområdet kjem i konflikt med eit viktig friluftsområde, som er registrert langs strandsona frå Vindsneset heilt aust til Furkenholmen. Framlegg føremål legg opp til omdisponering av LNF.			X
ROS	Området er kategorisert som varsamområde med tanke på: <ul style="list-style-type: none"> - Jord- og flaumskred - Snø- og steinskred - Steinsprang - Flom 			X
Folkehelse	Tiltaket vil gjere det mindre attraktivt å nytte gamle Alnesvegen for gåande og syklende.		-	
Born og unges interesser	Frå barnetrakk i Giske kommune kan ein sjå at strandsona langs utbyggingsområdet blir nytta til ferdsel i natur. Utbygginga kan potensielt kome i konflikt med dette.			X
Teknisk infrastruktur	Tilkomst frå «gamle vegen».		X	
Jordvern	Utbyggingsområdet består i all hovudsak av skrinne fastmark. Kjem ikkje i konflikt med jordvern. BRUgo_1 ligg innanfor Utvalgte kulturlandskap i jordbruket (UKL)			X
Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Tiltaket fører til mindre transport og utslepp.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Framlegg føremål disponera meir areal til næring – positive konsekvensar for næringslivet.	X		

Oppfølgingsbehov ved regulering	Reguleringsplan må avklare alle forhold som sjåast som relevante ved planoppstart, men konsekvensutgreiinga påpeikar at følgjande forhold særleg må vurderast nærmare: <ul style="list-style-type: none"> - Krav om omfang/tilbakeføring ved detaljregulering - Ros; jord-, snø, flaum og steinskred, steinsprang
---------------------------------	---

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	1	6	7
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	<p>Dei negative konsekvensane knyt seg i all hovudsak til omdisponeringa av LNF til råstoffutvinning – landskap, natur, friluft og sjø. Området er i dag urørt, og utbygginga vil ha konsekvensar for nemnde tema. Det er blant anna registrert artar og naturtypar som vil bli påverka.</p> <p>Utbygginga vil vere positiv for næringslivet og trafikktrygging (mindre tingtransport Godøytunnelen).</p>			

5.3.27 Sandvika SPago_2

Område og planidentitet	Sandvika SPago_2	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak		Dagens føremål	LNf
Gnr./bnr.	126/11 og 12 + utan matrikkelnummer	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	0,8 daa	Framlegg føremål	Parkering
Forventa gjennomføring	Usikkert		
Kommunen si vurdering	Behov for parkeringsplassar for tilkomst til Sandvika og turområdet langs strandsona		


Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landskapet består i all hovudsak av jorddekt fastmark. Ligg innanfor verdifullt kulturlandskap. Terrenget har ei slak helling mot nord. Utbygginga vil ikkje påverke landskapsbiletet i nemneverdig grad. Parkering vil ikkje vere særleg synleg i landskapet.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ingen kjende behov.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ligg innanfor eller tilstøytande til 100-metersbeltet. Utbygging vil gje små landskapsmessige inngrep.		X	
Naturmangfald	Området ligg innanfor heilskapleg kulturlandskap. Vest for området ligg det naturtype sanddyne.			X
Kulturminner	Det er ikkje registrert kulturminner eller –miljø i sjølve utbyggingsområdet eller i nærområdet.		X	
Forureining	Det er ikkje kjende forureiningskjelder i utbyggingsområdet. Utbygginga av parkering, saman med etablert turveg, vil kunne auke forureiningsnivået noko med tanke på biltransport, med krev ikkje store tiltak for å avbøtast.		X	
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Omdisponeringa i seg sjølv er ikkje positiv. Likevel, sidan utbyggingsområdet ligg inntil eit svært viktig friluftsområde og turveg er bygd, vil det ha positive konsekvensar - parkeringa vil auke tilgjenge til	X		

Forventa gjennomføring	Gjennomført ved vedtak av arealdelen.		
Kommunen si vurdering	Endringa utføres for å sikre arealet.		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn


Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Sjøareal ved friområde. Det blir ikkje lagt opp til fysiske endringar.	X		
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ikkje relevant.		-	
Sjø, vatn og vassdrag	Det blir ikkje lagt opp til endringar, sikring av areal.	X		
Naturmangfald	Ingen arter av interesse spesifisert	X		
Kulturminner	Ingen automatisk freda kulturminner registrert, på land er det restar etter gammalt fiskevær, Hustruhamna.	X		
Forureining	Støy frå rv658.			X
Bukvalitet	Ikkje relevant.		-	
Friluftstiltak og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Ligg ved samanhengande gang- og sykkelvegnett. Kort veg til fjøre og stort samanhengande friluftsområde. Lett til gang frå Pva_3 via kulvert under rv658.	X		
ROS	Ikkje relevant.		-	
Folkehelse	Gode tur og rekreasjonsmoglegheiter i nærområdet. Kort veg til samanhengande gang- og sykkelvegnett.	X		
Born og unges interesser	Ingen barnetrakk registreringar i området.		X	
Teknisk infrastruktur	Ingen teknisk infrastruktur, frirområde. Det går ei høgspennelinje på land.			X
Jordvern	Ikkje relevant.		-	

Sosial infrastruktur	Ikkje relevant.		-	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Kort veg til samanhengande gang- og sykkelvegnett og lett tilkomst frå sjøen.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Små, arealet ligg inntil kaste- og låssettingsområde (FIkl_2), registrert arealbruk kjem ikkje i konflikt.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Utfordrande med tilkomst frå sjø, vurdere tilrettelegging /fiskeplassar på land for rørslehemma. Kulvert under rv. 658 frå offentleg parkeringsplass (SPAva_3)		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	7	3	2
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Sikring av sjøområde ved friluftsområde på land.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Ikkje behov.			
Konklusjon	Ikkje endring.			

8 Vigna

8.1 Utsnitt plankart Vigra





8.2 Nye arealformål Vigra





8.3.1 Rotmyrhaugen Bvi_13, Bvi_14, Bvi_21, Vvi_2

Område og planidentitet	Rotmyrhaugen Bvi_13, Bvi_14, Bvi_21, Vvi_2	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref49, 55, 72 og 143	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	Bvi_13: 1/3 parsell 6, 1/12, 1/29 Bvi_14: 1/12, 0/0 Bvi_21: 1/46, 645 og 646 Vvi_2: 1/12, 29	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	Bvi_13: 51,6 dekar Bvi_14: 4,2 dekar Bvi_21: 3,4 dekar Vvi_2: Ikkje prosjektert	Framlegg føremål	Bvi_13 og Bvi_14, Bvi_21: Bustad Vvi_2: Veg
Forventa gjennomføring	Privat regulering, mogleg rekkjefølgjekrav for sosial og teknisk infrastruktur.		
Kommunen si vurdering	<p>Føringar for utbygging:</p> <p>Det må vurderast rekkjefølgjekrav for sosial infrastruktur, gruna manglande kapasitet barnehage/skule på Vigra. Umerka friområde nord for Ivi_2 høyrer til Bvi_13. Rekkjefølgjekrav om utbygging av fortau langs Budafjellvegen.</p> <p>A-ref. 49 og A-ref. 55</p> <p>Vurderast vegføring for å knyte Rotmyrvegen saman med Budafjellvegen, med gjennomkøyring berre for buss/bossbil, fortau langs Budafjellvegen.</p> <p>A-ref. 143</p> <p>Det må leggjast til rette for ny veg mellom Rota og Budafjellvegen, den bør ha høg standard, helst med fortau. Det må sikrast tilstrekkeleg med areal til idrett for framtida. Det må sikrast areal til turveg/GS frå Rota, frå ny veg aust for Rota og parkeringsareal.</p> <p>Sør for området er det bygd fotballbane, framtidig behov for idrettsføremål må avklarast i arealdelen. Det må vurderast å leggje til rette for busstrase rundt Roald. Det blir i arealdelen lagt inn framtidig vegtrase frå Rota til Budafjellvegen for buss, ikkje annan motorisert ferdsel.</p>		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Bvi_13 ligg mellom det nyss utbygde feltet Sandvika og Rota stadion. Området fell mot sjøen frå sørvest mot nordaust. Har for ein stor del vore og er delvis aktivt landbruk. Grensar i nordaust mot område avsett til friluftsliv og i sør mot		X	



	<p>område avsett til idrett. (BIAvi_2) I sørvestlige delen ligg nokre hus i uregulert område</p> <p>Bvi_14 ligg mellom eksisterande regulert bustadområde og nytt og eksisterande område for idrett (Rota) Området er nesten flatt og er i dag bruk til landbruk.</p> <p>Ingen av områda ligg i kjerneområde landbruk</p> <p>Vvi_2</p> <p>Vegtrase mellom dagens utbyggingsområde Roald aust og nyss utbygde Sandvika. Denne vegen skal ikkje vere open for almen ferdsel med bil. I framtida kan dette verte del av busstrase for ringbuss rundt Roald og Molnes</p>		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	<p>Områda må detaljregulerast. For Bvi_13 er det sterke føringar for vegtilkomst frå Sandvika. Vegtrase mellom feltet og friluftsområdet skal inngå i regulering og danne buffer mellom bustad og friluftsområde. Skule- og barnehagekapasitet må avklarast ved regulering. Begge områda grensar mot idrettsføremål med fare for konflikt om ikkje det vert lagt gode føringar i reguleringa.</p>		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Det er ikkje lagt utbyggingsområde i 100 m – beltet til strandsona.	X		
Naturmangfald	Området er per i dag landbruksmark. Ingen artar av forvaltningsinteresse utpeikt. Bvi_21 ligg inntil viktig naturtype naturbeitemark/kulturlandskap og ligg inntil fleire artar med særleg stor forvaltningsinteresse.		X	
Kulturminner	Ikkje registrert automatisk freda kulturminner i områda. Bvi_21 ligg ved krigsminnemerker frå 2. verdskrig.		X	
Forureining	Ingen kjente forureiningskjelder i området		X	
Bukvalitet	Begge bustadområda er eksponert for nordlege vindar og det er naudsynt med skjerming mot vind for å ha gode uteplassar. Sær kort veg til naturområde, idrettsanlegg, skule og barnehage. Begge områda grensar mot idrettsføremål med fare for konflikt om ikkje det vert lagt gode føringar i reguleringa. Vegtrase dannar god buffer mellom bustadområde og friområde.	X		
Friluftinteresser og tilgjenge til	Molnes naturreservat og Molnesfjellet ligg i gangavstand. Området framom vert nå lagt inn	x		

grønstruktur eller friområde	som friluftsområde. Kort veg til samanhengande gang- og sykkelnett.			
ROS	Området er eksponert for nordlege vindar og må dimensjoneras deretter.		X	
Folkehelse	Vil vere attraktivt buområde med kort veg til alle slags aktivitetar.	X		
Born og unges interesser	Det er stor aktivitet i nærområde. Området avgrensas av idrettsanlegg, nytt bustadfelt og friluftsområder. Det er derfor god mulighet for både sommar og vinter uteaktivitet. Jamfør barnetrakkregistreringar er skogsområdet nordaust for Rota stadion mykje nytta; Markeskogen. Barnehagen nyttar Markeskogen mykje	X		
Teknisk infrastruktur	Det er offentlig vatn- og avløpsanlegg nær området. Utslipet i Roald er direkte utslipp. Situasjon rundt utslippet bør avklarast før utbygging. Framtidig veger inklusive Vvi_2 bør vurderast mot eksisterande vegnett . Dette avklarast ved detaljregulering av området.	X		
Jordvern	Områda er delvis i bruk i dag, men ligg ikkje inne i kjerneområde landbruk. Dels fordi det er inneklemt og fordi delar av det er våtlendt.			X
Sosial infrastruktur	Rota stadion og Roald med butikk ligg i gangavstand	X		
Transportbehov og klimagass-utslipp	Det er gang og sykkelavstand til skule, barnehage og idrettsanlegg. Det kan bli buss inn i området i framtida.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Tap av landbruksareal kan ha negative konsekvensar for jordbruk, elles små på kort sikt. På lang sikt om Roald utviklar seg til bygdesenter vil det vere attraktive arbeidsplassar der.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	8	9	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Om Roald skal utviklast som bygdesenter er dette nært nok til at det vil høyre til senteret. Negativt at ein må bygge ned landbruksmark sjølv om den ikkje er av høg kvalitet.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Infrastruktur og buffersone mot friluftsområde. Fare for konflikt mellom føremåla idrettsanlegg og bustad. Vurdere buffersoner og andre tiltak.			

Konklusjon	Utnytting av desse områda til bustad positivt eller nøytralt. Med Roald som bygdesentrum og med god løysing for både idrett og bustad er dette særst bra bustadområde.
------------	--

8.3.2 Rota stadion SPAvi_5

Område og planidentitet	Rota stadion Ivi_2, Pvi_4, Pvi_5	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 20 pt. 6 og 9, 72 og 143	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	Ivi_2: 1/12 Pvi_4: 1/5, 0/0 Pvi_5: 1/12	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	Ivi_2: 9,08 dekar Pvi_4: 1,08 dekar Pvi_5: 1,56 dekar	Framlegg føremål	Pvi_4: Parkeringsareal for turområde Budafjellet Pvi_5: Offentleg Parkeringsareal for idrettsanlegg og nærliggande turområde
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering		
Kommunen si vurdering	<p>Føringar for utbygging:</p> <p>Pvi_5</p> <p>A-ref. 20:</p> <p>6. Parkeringsplassar og stiar er viktig å få lagt inn i arealdelen, på grunn av søking av midlar og føreseielegheit.</p> <p>9. Sikre turvegar opp til fjellet frå busetnaden både på Roald og Molnes</p> <p>A-ref. 72</p> <p>Viktige turstiar med framtidige parkeringsplassar knytt til desse må inn i arealdelen.</p> <p>SPAvi_5</p> <p>A-ref. 143</p> <p>Det må leggjast til rette for ny veg mellom Rota og Budafjellvegen, den bør ha høg standard, helst med fortau. Det må sikrast tilstrekkeleg med areal til idrett for framtida. Det må sikrast areal til turveg/GS frå Rota, frå ny veg aust for Rota og parkeringsareal.</p> <p>Sør for området er det bygd fotballbane, framtidig behov for idrettsføremål må avklarast i arealdelen. Det må vurderast å leggje til rette for busstrase rundt Roald. Det blir i arealdelen lagt inn framtidig vegtrase frå Rota til Budafjellvegen for buss, ikkje annan motorisert ferdsel.</p>		



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	SPAvi_5		X	

	Ligg inntil austre del av Rota stadion. Området er tilnærma flat landbruksmark som ikkje er i bruk.	X		
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	BIAvi_2 og SPAvi_5. Ved detaljregulering må heile området for idrett sjåast under eitt. BIAvi_2 grensar mot bustadføremål. Viktig at ein unngår konflikt her. Direkte utslepp av kloakk. Roald aust skal vurderast oppgradert.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje aktuelt.		X	
Naturmangfald	Området ligg inntil bygd areal. Det er ikkje registrert artar av forvaltningsinteresse, truga eller sårbare artar/naturtypar i området.		X	
Kulturminner	Ingen registrert kulturminner i området		X	
Forureining	Ingen kjente forureiningskjelder		X	
Bukvalitet	Ikkje direkte aktuelt, men vær merksam på at konflikt kan oppstå mellom bustadføremål og idrett.		X	
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Nye parkeringsareal vil gjere attraktive område meir tilgjengelege.	X		
ROS	Det er risiko for konflikt mellom bustadføremål og idrett.			X
Folkehelse	Tiltaka legg til rette for betre folkehelse.	X		
Born og unges interesser	Det er stor aktivitet i området, på grunn av idrettsanlegget og friluftsområde like ved. Ved å leggje til rette for fleire parkeringsplassar, blir området lettare tilgjengelig for alle.	X		
Teknisk infrastruktur	Det er vass- og avløpsanlegg til området. Direkte utslepp av kloakk Roald aust skal vurderast oppgradert. Vegnett bør vurderas oppgradert ved framtidig utbygging.		X	
Jordvern	Største delen av SPAvi_5 er landbruksmark som er i bruk, men ligg ikkje inne i kjerneområdet.			X
Sosial infrastruktur	Dagens Rota stadion og Roald sentrum ligg i gangavstand. Tilrettelegging (pakring) av idrettsføremålet vil gi innbygarane fleire tilbod innan organisert/uorganisert idrett som og er ein sosial møteplass	X		

Transportbehov og klimagass-utslepp	Sørs kort veg til nye og eksisterande bustadområder minskar transportbehovet vesentleg. Det er elles kort veg til kollektivtrase og ein ev. framtidig busstrase.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Små men bra for næringslivet at området vert attraktivt med idrettsanlegg og parkering.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	8	9	2
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Konfliktområde mellom idrett og bustadføremål. Meir parkering for friluftslivet og meir parkeringsareal til idrett er positivt.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Konfliktområde trafikk/bustad.			
Konklusjon	Det kan vert negativt for idretten om ikkje det vert gode løysingar mot bustad. Når dette er løyst er dette bra tiltak for svært mange.			

8.3.3 Budafjellvegen Bvi_16, Bvi_17, SPAvi_4 og GSvi_2

Område og planidentitet	Budafjellvegen Bvi_16, Bvi_17, SPAvi_4 og GSvi_2	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		

Saksarkiv Websak	A-ref. 26, 54, 70 og 181 (oppstart)	Dagens føremål	LNF
Gnr./bnr.	Bvi_16: 1/5 og 46 Bvi_17: Del av 1/11 GSvi_2: 1/5, 43, 46, 165, 255 og 343	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	Bvi_16: 21 dekar Bvi_17: 1,2 dekar SPAvi_4: 1 dekar GSvi_2: Ikkje prosjektert	Framlegg føremål	Bvi_16: Bustad Bvi_17: Bustad SPAvi_4: Offentleg parkering GSvi_2: Gang- og sykkelveg/ fortau
Forventa gjennomføring	Privat regulering, mogleg rekkjefølgjekrav for sosial og teknisk infrastruktur. Rekkjefølgjekrav om ferdigstilling av GSvi_2 før det kan gjevast bruksløyve for bustadar innanfor Bvi_16, saman med Bvi_13		
Kommunen si vurdering	Føringar for utbygging: Det må vurderast rekkjefølgjekrav for sosial og teknisk infrastruktur, grunna manglande kapasitet barnehage/skule/vegar på Vigra. Rekkjefølgjekrav om ferdigstilling av GSvi_2 før det kan bli gjeve bruksløyve bustadar innanfor Bvi_16. Rekkjefølgjekrav om leikeplass før det kan gjevast bruksløyve.		



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Stort ope landskap som grensar til busetnad mot nord, aust og sør. Ligg langs veg. Bvi_17 ligg inne mellom busetnad.		x	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Området må detaljregulerast. Skule- og barnehagekapasitet og kapasitet teknisk infrastruktur må avklarast ved regulering. Rekkjefølgjekrav for ferdigstilling av GSvi_2 før det kan gjevast bruksløyve innanfor Bvi_16.		x	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje aktuelt.		x	
Naturmangfald	Områda er per i dag landbruksmark. Ingen artar av forvaltningsinteresse registrert.		x	
Kulturminner	Ingen registrerte kulturminner i eller ved områda		x	

Forureining	Ingen kjente forureiningskjelder i områda		x	
Bukvalitet	Områda er eksponert for nordlege vindar og det er naudsynt med skjerming mot vind for å ha gode uteplassar. Kort veg til naturområde, idrettsanlegg, skule, barnehage, butikk og post.	x		
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Molnesfjellet og store fjøreområde ligg i gangavstand. Kort veg til samanhengande gang- og sykkelnett og idrettsanlegg.	x		
ROS	Områda er eksponert for nordlege vindar og må dimensjonast deretter.		x	
Folkehelse	Vil vere attraktivt buområde med kort veg til alle slags aktivitetar.	x		
Born og unges interesser	Gangavstand til idrettsanlegg, friluftsområder. Det er gode moglegheit for både sommar og vinter uteaktivitet. Jamfør barnetrakkregistreringar er skogsområdet nordaust for Rota stadion mykje nytta; Markeskogen. Barnehagen nyttar Markeskogen mykje. Krav om leikeplass innanfor området.	x		
Teknisk infrastruktur	Det er offentlig vatn- og avløpsanlegg nær området. Utslipet i Roald er direkte utslipp. Situasjon rundt utslippet bør avklarast før utbygging. Bvi_16: Krav om ferdigstilling av gang- og sykkelveg langs Budafjellvegen før det kan gjevast bruksløyve.	x		
Jordvern	Området er dyrka, og ligg inne i ytterkant av kjerneområde landbruk.			x
Sosial infrastruktur	Rota stadion og Roald sentrum ligg i gangavstand	x		
Transportbehov og klimagass-utslepp	Det er gang og sykkelavstand til skule, barnehage og idrettsanlegg. Det kan bli buss inn i området i framtida.	x		
Konsekvensar for næringslivet	Tap av landbruksareal kan ha negative konsekvensar for næringa, elles ingen på kort sikt. På lang sikt vil Roald utvikle seg til bygdesenter vil det vere attraktive arbeidsplassar der.		x	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	8	8	1
------------------------	--	---	---	---

Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Negativt at ein må bygge ned landbruksmark. Rekkjefølgjekrav om ferdigstilling av gang- og sykkelveg langs Budafjellvegen. Rekkjefølgjekrav om ferdigstilling av leikeplass før bruksløyve.
Oppfølgingsbehov ved regulering	Området må detaljregulerast. Skule- og barnehagekapasitet må avklarast ved regulering. Rekkjefølgjekrav for ferdigstilling av GSvi_2 før det kan gjevast bruksløyve innanfor Bvi_16.
Konklusjon	Utvikling av sentrumsnære bustadområde med krav om å betre infrastruktur for mjuk ferdsel.

8.3.4 Roald Sentrum STvi_1, Hvi_1, BKBvi_1

Område og planidentitet	Roald Sentrum STvi_1, Hvi_1, BKBvi_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 45, 83 og 158	Dagens føremål	BSvi_1: Erverv, Hamn, Bustad, Offentlig areal VHSvi_1: Havn BKBvi_1: Bustad/offentleg
Gnr./bnr.	BSvi_1: 1/526, 142, 192, 350, 265, 481, 54, 470, 15, 471,421, 37, 202, 254, 253, 238, 309, 69,140, 563, 562, 106, 358, 151, 359, 72, 45, 160, 503, 351, 27, 349, 282, 53, 63, 78, 112, 270, 144, 624, 49, 33, 482, 38, 36, 67, 68, 268, 311, 345, 346, 312, 313, 310, 65 VHSvi_1: 1/27, 53/1, 140, 142, 69, 241, 283, 309, 239, 238, 253, 254, 202, 37, 421, 471, 470 BKBvi_1: 1/110, 289 og 450	Reguleringsplan	BSvi_1: Erverv, Hamn, Bustad, Offentlig areal VHSvi_1: Havn BKBvi_1: Bustad, leik og offentlig
Arealstørrelse	BSvi_1: 56,8 dekar VHSvi_1: 48,7 dekar BKBvi_1: 5,6 dekar	Framlegg føremål	BSvi_1: Sentrumsformål VHSvi_1: Hamn BKBvi_1: kombinasjonsformål; bustad, offentlig eller privat tenesteyting.
Forventa gjennomføring	Oppstart regulering 2018?		
Kommunen si vurdering	<p>BSvi_1</p> <p>A-ref. 45: 1/526 Framlegg om å delvis leggje inn i ny plan. Tomta ligg inntil molo til fiskerikaia, det må sikrast god tilkomst for framtidig vedlikehald av denne. Området langs fv137 (Postevegen) må sjåast i samanheng, og spesielt på austsida av denne vegen. Viser også til A-ref 20, merknad frå eit Levande Roald. Overordna bruk areala må avklarast i prosessen med arealdelen. Framlegg til bruk kan vere at delar av området skal leggjast ut til bustadføremål med høg utnytting (blokk), med relativt store friområde mellom Postveg/hamneområde. Framlegg om å ta inn som sentrumsområde, arealbruk avklarast i samband med regulering</p> <p>A-ref. 83a: 1/142, 192, 350 og A-ref. 83b: 1/265. For det mest sentrale området på Roald, begge sider langs fv137 rett før og lang hamneområdet, må arealføremål sentrumsføremål bli brukt. Sentrumsføremål opnar for forretning, tenesteyting og bustad, kontor, hotell/overnatting og bevertning, også nødvendig grøntareal til busetnaden. Presisering av føremålet, opning for til dømes blokk</p>		





<p>med fleire funksjonar, må gjerast i føresegnene til arealdelen. Det vil truleg bli krav om detaljregulering før utbygging kan skje.</p> <p>A-ref. 158: 1/481 Framlegg om å delvis leggje inn i ny plan. Arealet ligg til utbygging i gjeldande plan. Området får arealføremålsentrumsføremål, innanfor dette føremålet kan det også byggjast bustadar. I samband med område- / detaljregulering av sentrum Roald må det vurderast kva arealbruk området skal ha.</p> <p>VHSvi_1 bevaras som hamn. Det er opna for næring, privat eller offentleg tenesteyting innanfor formålet i føresegnene. Roald er fiskerihamn, kommunen ønskjer at Roald framleis skal vere fiskerihamn.</p> <p>BKBvi_1 endrast til kombinert formål, i samsvar med dagens disponerings av arealet, bustad, privat eller offentleg tenesteyting.</p> <p>Det er opna for småbåthamn innanfor VFEvi_1.</p>
--

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Roald ber preg av tidlegare tiders "sentrumsaktivitet" ved at det er ei "gate" og ein form for kvartalsstruktur. Sjølv om mange av verksemdene nå er borte står dei fleste bygga der og er heilt eller delvis i bruk. Hamna framstår som "litt aktiv" sjølv om det ikkje vert landa fisk her lenger. Sjøbodene har heilt eller delvis fått anna bruk, det er ganske bra vedlikehald på det meste sjølv om delar av kaianlegga står til forfall. Småbåthama er aktiv og heilårleg i bruk.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Krav om regulering, det må leggjast til rette for utvikling og fleire funksjonar. Det blir vidareført detaljhandel inntil 3000 m ² i arealdelen. Krav om regulering og opparbeiding av leikeareal for nye bustadar.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Hamnebasseng, vidareføring av dagens bruk.		X	
Naturmangfald	Ingen arter av forvaltningsinteresse registrert.	X		
Kulturminner	Ingen registrerte kulturminner i området.	X		
Forureining	Støyforureining frå Postvegen. Sjøbuene er i dag til bruk til båt/bubil opplag og mindre verkstadsføremål. Forureining frå desse kan forekomme. Ved vidare utvikling må desse verksemdene få godkjende løysingar som ikkje forureinar land eller sjø.			X

Bukvalitet	Roald sett under eitt er eit populært buområde med gangavstand/ kort veg til alle funksjonar som skule, barnehage, butikk og idrettsanlegg. Det er og kort veg til friluftsområde, småbåthamn og Molnesfjellet.	X		
Friluftsting og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Kort veg til fjøre, friluftsområde, Molnesfjellet, småbåthamn og del av eit samanhengande gang- og sykkelvegnett.	X		
ROS	Ved ekstremver slår havbåre over nordre molo og inn i småbåthamna og dei næraste husa får hagane fylt med sjø og tang. Ved utvikling må dette omsyn takast. Ved utvikling av sentrum må det og gjerast analyse for brann for dei mange trehusa som står særst tett.			X
Folkehelse	Kort veg til fjøre, friluftsområde og Molnesfjellet. Roald som bygdesenter vil vere eit aktivum for god trivsel for heile "nedre" del av Vigra, viktig møteplass som må utviklast.	X		
Born og unges interesser	Mykje aktivitet i området, både på leikeplasser, rundt dagligvarebutikken og ved hamna/småbåthamna. Sandstrand ved nordre molo blir nytta av barnehagen.	X		
Teknisk infrastruktur	Det er utbygd teknisk anlegg for område.		X	
Jordvern	Ikkje aktuelt		X	
Sosial infrastruktur	Alt samla innanfor 10 min gangavstand. I samband med regulering må kapasitet skule og barnehage vurderast.	X		
Transportbehov og klimagass-utslepp	Roald er endestopp for dei fleste bussrutene og har difor mange avgangar dagleg til resten av kommunen og til Ålesund. Det ligg godt til rette for arbeidspending med buss frå området. Det er gang eller sykkelavstand til skule, barnehage, butikk og idrettsanlegg.	X		
Konsekvensar for næringslivet	At Roald vert eit aktivt sentrum vil ha positive konsekvensar for næringslivet	X		
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17. For bygg over 2 etasjar må det påreknast heis.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	10	5	2
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Opning for sentrumsfunksjonar langs Postvegen; bustad, park, forretning, kontor, offentlig eller privat tenesteyting. Hamneområdet får formalisert dagens bruk.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Krav om opparbeiding av regulering, opparbeiding av leikeareal for nye bustadar og eventuelle avbøtande tiltak på grunn av støy.			
Konklusjon	Tilrettelegging for nye funksjonar og formalisering av dagens bruk.			

8.3.5 Aglasgjedet Bvi_11

Område og planidentitet	Aglasgjedet Bvi_11	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 1, 35,76, 207b	Dagens føremål	Bvi_11: LNF
Gnr./bnr.	Bvi_11: 1/21, 18, 75	Reguleringsplan	Bvi_11: Ikkje regulert
Arealstørrelse	Bvi_11: 30,17 dekar	Framlegg føremål	Bvi_11: Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering.		
Kommunen si vurdering	<p>Føringar for utbygging for heile område: Ved detaljregulering må område utlagt til bustadføremål sjåast i samanheng. Det må vurderast rekkjefølgjekrav for sosial infrastruktur, manglande kapasitet barnehage/skule og kapasitet teknisk infrastruktur.</p> <p>Området ligg imellom eksisterande busetnad, del av området ligg på brink. Etablert tilkomst til kommunal veg. Området ligg ikkje i kjerneområde landbruk. Området ligg inntil etablert/regulert bustadområde, naturleg utviding av dette. I formål bustad må også bustad nordaust for planområdet bli teke med. Området ligg i gangavstand til kollektivtrase.</p> <p>For 1/18:</p> <p>Føringar for utbygging:</p> <p>Ikkje nye avkøyrslar til Øvregata, men knyte seg til avkøyrslar vest for egedomen.</p> <p>Området ligg som del av samanhengande landbruksareal, det er opparbeid, og har vore/ er i drift, ligg innanfor kjerneområde landbruk. I samband med ønske om sambinding mellom Fjellfoten og Budafjellvegen er det under vurdering vidareføring av Fjellfoten som gang og sykkelveg/busstrase, men ikkje open for anna motorisert ferdsel. Det er også under vurdering med fortau på nordsida av Fjellfoten, og trekkje Fjellfoten litt mot sør for betre kryssløysing Fjellfoten/Storebakken.</p>		



Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Landbruksmark, øvre del (overfor brinken) antakeleg brukt til beite. Ikkje brukt sidan Molnesrema byggefelt vart etablert. Nedre del (nedom brinken) blir framleis brukt til slåtteland.			

	Øvre del av området har i nyare tid vore rydda og brukt til ball løkke. Austre del ligg mellom gardshusa og alt etablerte bustader i tillegg ei tomt 1/18 som grensar mot Øvregata og etablert bustadtomt.	X		
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Detaljregulering der vegforbindelsane i Molnesrema byggefelt vert vidareført. Det må påreknast krav om fortau langs eksisterande veg Fjellfoten. Gangforbindelse til etablerte gangtrasear. Det skal vurderast kapasitet for skule og barnehage før regulering.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje aktuelt.		X	
Naturmangfald	Ingen arter av forvaltningsinteresse registrert. Området ligg inntil dyrka mark.		X	
Kulturminner	Ingen kulturminner registrert for bustadområdet.		X	
Forureining	Ingen kjente forureiningskjelder.		X	
Bukvalitet	Området vert ei naturleg utviding av Molnesrema byggefelt. Eit godt etablert felt der det i dag skjer generasjon skifte. Sær kort veg til turområde og gå/sykkelavstand til skule, barnehage, butikk og idrettsanlegg. Morgon sol, god utsikt og lunt for nordavind. Eksponert for sørvestlege vindar.	X		
Friluftssinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Sær kort veg til turområde og fjøra. Kort veg til samanhengande gang- og sykkelveg.	X		
ROS	Auke i tal bilar på vegen Fjellfoten. Må avhjelpast med fortau.		X	
Folkehelse	Sær kort veg til turområde og gå/sykkelavstand til skule, barnehage, butikk og idrettsanlegg. I samband med regulering/utbygging må det leggjast til rette for møteplassar.	X		
Born og unges interesser	I barnetrakkregistreringa er det registrert stor aktivitet ved Storebakken og Demmevegen som vert naboar til det nye feltet. Rekkjefølgjekrav om opparbeiding av leikeplassar før det blir gjeve mellombels bruksløyve for nye bustadar.	X		


Teknisk infrastruktur	Det er utbygd teknisk anlegg for nærområde. Vatn, avløp og vegar må prosjekterast ved detaljregulering av området.	X		
Jordvern	Området har vore landbruksmark langt bak i tid. Ligg ikkje innafor kjerneområdet. Dyrkbart.			X
Sosial infrastruktur	Den sosiale infrastruktur som finns i det godt etablerte Molnesrema byggefelt vil kunne utvidast til nytt felt.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Det er korte avstandar til skule, barnehage, buss, butikk og idrettsanlegg. Dette minskar transportbehovet mykje. Det er enkelt for dei fleste som pendlar til fastlandet å reise med buss.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Tap av landbruksareal kan ha negative konsekvensar for jordbruket men denne jorda har lege brakk lenge og er lite eigna til anna enn beite utan vesentleg investering.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	8	9	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Ingen negative konsekvensar om avbøtande tiltak som nemnd vert gjennomført (fortau langs Fjellfoten) Ei naturleg utviding av eit godt etablert felt.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Kapasitet i skule og barnehage. Fortau langs Fjellfoten, gangforbindelsar til eksisterandegangtrasear og opparbeiding av leikeplassar.			
Konklusjon	Mange positive og nøytrale konsekvensar og med avbøtande tiltak som nemnd er dette eit godt bidrag til venta befolkningsauke.			

8.3.6 Langeneset FSvi_2, FBvi_1

Område og planidentitet	FSvi_2, FBvi_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		

Framlegg kommuneplan



Saksarkiv		Dagens føremål	FSvi_2: Ingen formål FBvi_1: LNF
Websak		Reguleringsplan	FSvi_2: Ikkje regulert FBvi_1: Ikkje regulert
Gnr./bnr.	FSvi_2: Areal i sjøen FBvi_1: 1/537, 469	Framlegg føremål	FSvi_2: Naturområde FBvi_1: Andre typar bygningar og anlegg
Arealstørrelse	FSvi_2: 28, 27 dekar FBvi_1: 0,31 dekar		
Forventa gjennomføring			
Kommunen si vurdering	Området bevaras som naturområde/friluftsområde. Eksisterande naust, hytte og framtidig turveg er påvisst. Eksisterande hytte og naust får utbyggingsformål.		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn




Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	<p>FSvi_2 Området Hamnabrøtet - Mallavika med direkte tilkomst til Molnes naturreservat over Langeneset. Området rundt Hamnabrøtet er delvis skogkledd og barnehagen har sitt uteområde der. Hamnabrøtet som vart til ved utbygging av moloane på Roald var tidlegare mykje brukt vinterstid til skøyteaktivitetar. Området er i dag for mykje drenert til at det vert ståande vatn av betydning. Området vidare nordvestover er restar av kulturlandskap med svaberg og steinete strand. Mallavika har sandstrand. Det går sti gjennom området og det er mykje brukt for trening, leik og fritid.</p> <p>FBvi_1 Eksisterande hytte og naust. Ligg i naturområdet. Desse beheld sine føremål og vert ikkje kommentert vidare</p>	x		
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Ingen		x	
Sjø, vatn og vassdrag	Vêrhard strandsone		x	

Naturmangfold	Naturbeitemark ved området. Viktig vegetasjon av forvaltningsinteresse i nærleiken.	x		
Kulturminner	Ingen registrerte kulturminner for området		x	
Forureining	Kommunal utslippsledning like ved. Utslipet er direkte. Situasjonen rundt utsleppet bør avklaras før utbygging av framtidige tilgrensande bustadfelt tek til.		x	
Bukvalitet	Bevaring av området er viktig både for ny og framtidig busetting i området Roald og Molnes og for tilreisande turistar.	x		
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Området brukast av barnehage og i blant skule. Viktig område for friluftstinteresser i dag og viktig inngangsport til Molnes naturreservat.	x		
ROS	Vêrhardt ved nordlege vindar. Ved storflo og pålandsvind er ferdsel langs strendene ikkje tilrådeleg.		x	
Folkehelse	Viktig område for friluftstinteresser i dag og viktig inngangsport til Molnes naturreservat.	x		
Born og unges interesser	Området brukast som turområde av dei som bur i nærområdet og andre. Populariteten vil auke ved utbygging av områda Bvi_13 og 14.	x		
Teknisk infrastruktur	Det ligg overføringsledning for kloakk over området. Ytterlegare utbygging i området skal følgje dagens trase (mot bustadområdet).			
Jordvern	Som i andre område er dette også utsett for attgroing og det gamle kulturlandskapet blir sakte borte. Noko dyrka/dyrkbart areal blir omdisponert frå landbruk til friluftslivformål.		x	
Sosial infrastruktur	Barnehagen sitt uteområde og Mallavika er i dag ein del brukt men å kalle det sosial infrastruktur er vel å dra det langt.		x	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Det vert lagt til rette for parkering utanfor området og det er særst kort avstand til området frå heile Roald	x		
Konsekvensar for næringslivet	Ingen, men mest positivt.		x	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17 dersom det oppstår behov.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	8	8	
------------------------	--	---	---	--

Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Det viktigaste er bevaring av området til bruk for ålmenta også i framtida
Oppfølgingsbehov ved regulering	Området skal ikkje detaljregulerast
Konklusjon	Berre positive eller nøytrale konsekvensar. Området skal bevarast for framtida.

8.3.7 Molnesfjellet GSvi_3, Vvi_3

Område og planidentitet	Molnesfjellet GSvi_3, Vvi_3	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak		Dagens føremål	GSvi_3: Bustad, veg Vvi_3: LNF
Gnr./bnr.	Ikkje prosjertert	Reguleringsplan	GSvi_3: Ikkje regulert Vvi_3: Ikkje regulert
Arealstørrelse	Ikkje prosjertert	Framlegg føremål	GSvi_3: Gang/sykkelveg /fortau Vvi_3:Køyreveg (kollektiv)
Forventa gjennomføring	Usikkert.		
Kommunen si vurdering	Framtidige trasar for veg, (kollektiv) gang_ og sykkelveg/fortau. Arealbehov blir avklart ved detaljregulering		


Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	GSvi_3 Gang og sykkelveg/fortau langs Fjellfoten. Langs hagar og avkøyrslar. Vvi_3 Vegtrase mellom Budafjellvegen og Molnesrema byggefelt/Fjellfoten(vegen) Går dels i randsona mellom bygd areal og landbruk og dels på eksisterande veg/turveg. Traseen kan i framtida verte kollektivtrase.	X		
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Krav om detaljregulering av GSvi_3 og Vvi_3.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje aktuelt.		X	

Naturmangfald	GSvi_3 ligg i bustad/veg område og Vvi_3 ligg for stor del på landbruksmark. Ikkje registrert truga artar.	X		
Kulturminner	Ingen registrert i nokon av traseane men fleire i nærleiken. Må pårekne arkeologisk registrering.		X	
Forureining	Ingen kjente forureiningskjelder	X		
Bukvalitet	GSvi_3 sikrar trygg ferdsel for mjuke trafikkantar langs Fjellfoten til Molnesrema. Vvi_3 sikrar gang og sykkeltrafikk mellom Molnesrema og Roald og mogleg kollektivtrase.	X		
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	GSvi_3 og Vvi_3 vil leggje til rette for mjuk ferdsel i området Molnesrema – Roald.	X		
ROS	GS-veg/fortau langs Fjellfoten minskar risiko for mjuke trafikkantar. Tilrettelegging av framtidig kollektivtrase – Vvi_3.	X		
Folkehelse	Alle vegar for gåande og syklande støttar opp om god folkehelse.	X		
Born og unges interesser	GS-veg/fortau langs Fjellfoten minskar risiko for mjuke trafikkantar og bidreg til trygg skuleveg.	X		
Teknisk infrastruktur	Det skal vurderast om det skal leggst teknisk infrastruktur i GSvi_2 og Vvi_3.		X	
Jordvern	Delar av GSvi_3 og Vvi_3 vil byggje ned landbruksjord. Ligg i utkanten av kjerneområde landbruk og er i utkant av markene. Stor samfunnsnytte av gang- og sykkelveg, eventuelt kollektivtrase.			X
Sosial infrastruktur	Ikkje aktuelt		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Gang og sykkelveg/fortau reduserar behovet for biltransport. Vvi_3 kan verte framtidig kollektivtrase.	X		

Konsekvensar for næringslivet	Ingen		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Relativt flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17. Nedsteden av Fjellfoten vil bli utfordrande å stette krava til stigning. Fortau/gang- og sykkelveg må følge vegen.		X	

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	12	6	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Sikre mjuke trafikantar og sikre grunn til turveg og framtidig gangveg ev. kollektivtrase.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Avklare teknisk infrastruktur			
Konklusjon	Nesten berre positive eller nøytrale konsekvensar gjer at dette er sær gode tiltak.			

8.3.8 Storebakken Bvi_10 (utviding), Bvi_18 og kulturminneområde H_570_46

Område og planidentitet	Storebakken Bvi_10 (justeringar) og kulturminneområder H_570_46	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		

Saksarkiv Websak	A-ref. 30, 202	Dagens føremål	LNf
Gnr./bnr.	2/1, 8,14	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	Bvi_10 tilleggsareal: 8,4 dekar Bvi_18: 6,3 dekar FBvi_2: 1,5 dekar H_570_46: 68,61 dekar	Framlegg føremål	Bvi_10 tilleggsareal: Bustad Bvi_18: Bustad FBvi_2: Fritidsbusetnad H_570_46: Bevaring kulturmiljø
Forventa gjennomføring	Det er starta opp regulering av delar av Storebakken.		
Kommunen si vurdering	<p>A-ref. 30: Gjeld området øvst i "Storebakken" Området ligg inntil bygd/bustadområde i gjeldande arealdel. Området ligg ikkje innanfor kjerneområde landbruk. Utfordring å få vatn til dette området, behov for nytt høgdebasseng? Utfordring tilkomst til dette området, Storebakken er ikkje gunstig utforma, og flaskehals ved Molnesvegen. Nord for området vart bustadområde fjerna i førre rullering, det var omlag i same høgde.</p> <p>Føringar for utbygging: Det må vurderast rekkjefølgjekrav for sosial infrastruktur, manglande kapasitet barnehage/skule, og krav om utbetring av flaskehals Molnesvegen, austom kryss med Fjellfoten.</p> <p>A-ref. 202: Gjeld området mellom Molnesvegen, Fjellfoten og eksisterande regulerede bustadområde Molnesrema. Området ligg ikkje innanfor kjerneområde landbruk. Området ligg inntil eksisterande bustadfelt, området er regulert til bustadføremål, men overstyrt av gjeldande kommuneplan. Avkøyrsløse til Molnesvegen bør sanerast, tilkomst til området bør skje frå nord.</p> <p>Føringar for utbygging: Det må vurderast rekkjefølgjekrav for sosial infrastruktur, manglande kapasitet barnehage/skule på Vigra og krav om utbetring av flaskehals Molnesvegen, austom kryss med Fjellfoten.</p>		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Bvi_10 Øvre del av "Storebakken" Gjeld utviding/ending av areal vedteken i førre rullering av arealdelen. Området er frå langt tilbake beite. I dei seinare åra i liten grad brukt. Det går køyrbar traktorveg over området til fritidseigedom. Nedre del. Tilleggsareal langs Molnesvegen	X X X		


	Er regulert men vart av ein eller annan grunn teken ut av kommuneplanen ved førre rullering. Vert nå lagt inn att. H_570_46 Omsynssone for bevaring kulturmiljø. Det aller mest av sona er i dag aktivt landbruk innafør kjerneområdet.			
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Øvre del av Molnesrema byggefelt har trykkforsterka vassstilførsel med pumpe. Alle husa i øvre del av feltet får dårleg trykk, eller mister vatnet heilt ved straumbrot. Dette vil og gjelde for utvidinga av feltet i øvre del av "Storebakken" Det må vurderast kva som skal gjerast for sikrere vassforsyning og brannvatn. Veg inn i området skal vere fortsetting av dagens veg Storebakken (og nedre del Fjellfoten) Avhengig av kor mange bueiningar som vert tilknytt må det vurderast oppgradering av vegsystema med fortau i alle fall i Fjellfoten. For ytterlegare utbygging i nedre del (gnr./bnr. 2/8 og 14) skal ny vegløyning etablerast slik at det ikkje vert fleire avkøyrslar til Molnesvegen		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Ikkje aktuelt.		X	
Naturmangfald	Begge utbyggingsområda er sterk påverka av menneskeleg aktivitet og landbruk. Ingen trua artar registrert	X		
Kulturminner	H_570_46 Det er tre gravhaugar nordvest for området, frå bronse- og jernalderen. Desse får nå omsynssone som ekstra vern etter pbl. Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne i eller ved utbyggingsområda.	X		
Forureining	Ingen kjente forureiningskjelder	X		
Bukvalitet	Øvre del av "Storebakken" Ligg eksponert mot sørvestlege vindar og får sær gode utsiktsforhold mot sør og vest med kveldssol. Det er kort veg til buss og sykkelavstand til skule, idrettsanlegg og butikk. Grensar intil det godt etablerte byggefeltet Molnesrema der det no skjer eit visst generasjonsskifte. Kort veg til fjellet og Molnes naturreservat.	X	X	

	Nedre del Ved utbygging og med riktige vegføringar vil dette området bli bra bustadområde. Området ligg sørvendt og har gode utsiktsforhold. Det er sær kort veg til buss og sykkelavstand til skule, idrettsanlegg og butikk.			
Friluftinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Kort veg til fjellet og Molnes naturreservat.	X		
ROS	Utbygging i øvre del vil gi auka trafikk i etablerte vegar og auka fare for mjuke trafikkantar. Utan tiltak er det ikkje godt nok brannvatn til området ved straumstans.			X
Folkehelse	Kort veg til fjellet og Molnes naturreservat. Sykkellavstand til idrettsanlegg og gode sykkelveggar til resten av kommunen	X		
Born og unges interesser	Det er barnetråkk i området Molnesrema generelt, mest i Storebakken og Molnesvegen. Kort veg til skule, barnehage og idrettsanlegg	X		
Teknisk infrastruktur	Gjeld øvre del. Eksisterande vegnett har begrensa kapasitet. Ved utbygging bør vegsituasjonen vurderast og det skal vurderast fortau langs Fjellfoten. Det er vatn- og avløpsanlegg i området. Vasstrykket i øvre del blir skapt av pumpe. Noko som gjer det sårbart ved straumstans. Det skal vurderast tiltak for å motverke dette og sikre godt nok brannvatn. Totalt sett er dette kostbart for ganske få bueiningar.			X
Jordvern	For H_570_46 er det i dag aktivt jordbruk. Omsynssona og kulturminna vert ikkje påverka av dette men det kan ikkje gravast i området.	X		
Sosial infrastruktur	I samband med regulering skal skule og barnehagekapasitet vurderast. Det er kort veg til skule, idrettsanlegg.		X	
Transportbehov og klimagass-utslepp	Kort veg til buss. Gang og sykkelavstand til skule, barnehage, idrettsanlegg og butikk. Ut frå området går det godt gang og sykkelvegnett til resten av kommunen.		X	
Konsekvensar for næringslivet	Ingen		X	
Universell utforming/til-	Relativt bratt terreng der må påreknast tilpassing av bygg til terreng for å støtte UU og tilgjenge etter TEK17.		X	

gjenge etter TEK17				
-----------------------	--	--	--	--

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	11	6	2
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Med rett grep kan dette vert gode buområde. Negativt at eksisterande vegar ikkje held standard etter dagens krav og at det ikkje er sløkkevatn utan ekstra tiltak.			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Teknisk infrastruktur og vegar			
Konklusjon	Sterk overvekt at positive verknader. Den øvre delen er vindutsett og det vil verte kostbart å skaffe stabilt vasstrykk og sløkkevatn. Mest truleg også kostnader til opprusting av eksisterande vegar. Elles er dette naturleg utviding av Molnesrema byggefelt ("Storebakken" sett under eitt) og det vil vere attraktiv stad å bu med korte avstandar til det meste.			

8.3.9 Bvi_20

Område og planidentitet	Bvi_20	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		


Saksarkiv	A-ref. 36 og 45	Dagens føremål	LNF
Websak			
Gnr./bnr.	1/7, 76, 87, 135 og 245	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	4 dekar	Framlegg føremål	Bvi_20: Bustad
Forventa gjennomføring	Usikkert, privat regulering		
Kommunen si vurdering	Kartet endrast i samsvar med merknadsvurdering til 1. gongs offentleg ettersyn, leggje inn areal på austsida av fylkesvegen. Vurdere å utvide mot Roald for å få med eksisterande bustadar også.		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Ope og flatt landskap, sjønært. Området er i hovudsak bygd ut, det er ei ubygd tomt mot sør.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Krav om detaljregulering.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Området ligger i 100-meter beltet. Det er lagt inn byggjegrense likt med hus på gnr./bnr. 1/245. Nedbygging av strandsone.			X
Naturmangfald	Området har fungert som slåttemark og beitemark. Området ligg like ved Roaldsand fuglefredningsområde med fugl- og plantearter av forvaltningsinteresse. Aust for formålet er det naturtype sanddyne, kjem ikkje i fysisk konflikt.	X		
Kulturminner	Ingen registrerte kulturminner i området.	X		
Forureining	Det er støyforureining frå både flyplassen (ytterkant av gul støysone) og Postvegen (grensar mot gul støysone) Elles ingen kjente forureiningskjelder i området		X	

Bukvalitet	Strandnær tomt inntil eksisterande bustadar. Uteområde må skjermast mot støy og klima. Kort veg til viktige funksjonar.		X	
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Området ligg like ved Roaldsand fuglefredningsområde med fugl- og plantearter av forvaltningsinteresse. Kort veg til fjøre. Ligg ved samanhengande gang- og sykkelvegnett.	X		
ROS	Ingen risiko om det vert gjort avbøtande tiltak mot støy for bygningar	X		
Folkehelse	Området ligg like ved Roaldsand fuglefredningsområdet med fugl- og plantearter av forvaltningsinteresse. Kort veg til fjøre. Må leggast til rette som møteplass.	X		
Born og unges interesser	Skulen sitt uteareal kan brukast på fritida hele året rundt, like ved badestrand. Grøntareal mellom bustad og fjøresone som kan nyttast til leik/fellesareal.	X		
Teknisk infrastruktur	Det er kommunalt teknisk anlegg forbi tomte.	X		
Jordvern	Kjem ikkje i fysisk konflikt med landbruksareal.		X	
Sosial infrastruktur	Skulen er eit samlingspunkt som alle i bygdene rundt er stolte av. Kort veg til Roald sentrum.	X		
Transportbehov og klimagass-utslepp	Det er busshaldeplass ved skulebygget. Samanhengande gang- og sykkelvegnett langs fylkesvegen.	X		
Konsekvensar for næringslivet	Lite jordbruksareal som ei omdisponering vil gje små negative konsekvensar for landbruket.		X	
Universell utforming/tilgjenge etter TEK17	Flatt terreng som ikkje vil vere noko særleg utfordrande med UU eller tilgjenge etter TEK17.	X		

Samla vurdering	Sum av positive, nøytrale og negative konsekvensar	10	6	1
Oppsummering av dei viktigaste konsekvensane	Negativt å bruke landbruksjord og byggje ned strandsona, elles berre positive eller nøytrale konsekvensar			
Oppfølgingsbehov ved regulering	Plassering av bygg i høve skjerming mot nordavind og støyvurdering			
Konklusjon	Det er uheldig å bruke landbruksjord og byggje ned strandsona. Men på grunn av tidlegare bygging i området vil tiltaket gje små konsekvensar for området.			

8.3.10 Vigra skule BOPvi_1

Område og planidentitet	Vigra skule BOPvi_1	
Ortofoto	Gjeldande kommuneplan	Gjeldande reguleringsplan
		
Framlegg kommuneplan		
		




Saksarkiv Websak		Dagens føremål	LNf
Gnr./bnr.	1/42, 84, 644, 464	Reguleringsplan	Ikkje regulert
Arealstørrelse	21,5 dekar	Framlegg føremål	BOPvi_1: Offentlig formål
Forventa gjennomføring			
Kommunen si vurdering	Areal for framtidig utviding av Vigra skule og/eller barnehage.		

Vurderingar av konsekvensar for miljø og samfunn				
Tema	Omtale og vurdering	Konsekvensar (forenkla)		
		Positiv	Nøytral	Negativ
Landskap	Området er aktivt landbruk (leigeslått) Det er stort sett flatt på godt drenerande sandgrund. Området er eksponert for nordavind.		X	
Offentlege og/eller private tiltak som er nødvendige for gjennomføring	Detaljregulering er naudsynt uansett bruk. Viktig å lage uteplassar skjerma mot nordavind.		X	
Sjø, vatn og vassdrag	Området ligger delvis i 100-meter beltet. Ved utbygging skal overflatevann føres tilbake til grunnen.		X	
Naturmangfald	BOPvi_1 har fungerte som slåttemark og beitemark. Området ligg like ved Roaldsand fuglefredningsområde med fugl- og plantearter av forvaltningsinteresse. Aust for formålet er det naturtype sanddyne, kjem ikkje i fysisk konflikt.	X		
Kulturminner	Ingen registrerte kulturminner i området.	X		
Forureining	Det er støyforureining frå både flyplassen (ytterkant av gul støysone) og Postvegen (grensar mot gul støysone) Elles ingen kjente forureiningskjelder i området		X	


Bukvalitet	Ikkje aktuelt.		X	
Friluftstinteresser og tilgjenge til grønstruktur eller friområde	Området ligg like ved Roaldsand fuglefredningsområde med fugl- og plantearter av forvaltningsinteresse. Kort veg til fjøre.	X		
ROS	Ingen risiko om det vert gjort avbøtande tiltak mot støy for bygningar	X		
Folkehelse	Området ligg like ved Roaldsand fuglefredningsområdet med fugl- og plantearter av forvaltningsinteresse. Kort veg til fjøre. Må leggjast til rette som møteplass. . Ligg ved samanhengande gang- og sykkelvegnett.	X		
Born og unges interesser	OPvi_1 skal brukast for å bygge ut Vigra skule og/eller barnehage. Skulens uteareal brukas på fritida hele året rundt, da det finnes fin leikeplass og badestrand. Det er mye barneaktivitet i området.	X		
Teknisk infrastruktur	Det er kommunalt teknisk anlegg forbi tomta.	X		
Jordvern	Området ligg ikkje i kjerneområde landbruk men er i fortsatt i dag i bruk som slåtteland og beite.			X
Sosial infrastruktur	Skulen er eit samlingspunkt som alle i bygde er stolte av.	X		
